

Landskapsanalyse Øygarden kommune



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Øygarden kommune

Tittel på rapport: Landskapsanalyse Øygarden kommune

Oppdragsnamn: Landskapsanalyse Øygarden

Oppdragsnummer: 634126-06

Utarbeidd av: Karen Holst, Per G. Ihlen, Kjersti I. Vevatne, Karianne Eriksen, Bjørg Wethal

Oppdragsleiar: Kjersti Ingolvsdotter Vevatne

Tilgjenge: Open

Kort samandrag

Rapporten inneholder ei landskapsanalyse for heile Øygarden kommune. Overordna føremål med analysen er at den skal vere eit kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen. Analysen er overordna og tilpassa kommuneplannivået, og skal vere eit landskapsfagleg grunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA).

Ver	Dato	Skildring	Utarb. av	KS
03	06.02.24	Verdikart oppdatert	KH, KE, KIV, PGI, TL	BW
02	08.01.2024	Mindre rettingar	KH, KE, KIV, PGI, TL	BW
01	12. des. 2023	Versjon til gjennomlesing	KH, KE, KIV, PGI, TL	BW

Forord

Asplan Viak AS har vore engasjert av Øygarden kommune for å utarbeide ei landskapsanalyse for heile kommunen. Overordna føremål med analysen er å få eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen. Analysen skal vere på eit overordna nivå tilpassa kommuneplannivået, og skal vere eit landskapsfagleg grunnlag for rullering av kommuneplanens arealdel (KPA). Landskapsanalysen skal kartlegge og analysere ulike område sin landskapskarakter og -verdi, og slik legge grunnlaget for å gjere bevisste val i møtet mellom landskapsverdiar og vekst / fortettingssoner i kommunen.

Landskapsanalysen er utarbeidd med utgangspunkt i Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvarens rettleiar «Metode for landskapsanalyse i kommuneplan». Det er nytta ein digital kartleggingsmetode der data om landskapet sitt innhald er samanstilt gjennom bruk av geografiske informasjonssystem (GIS) som både gjer analysen tilgjengeleg og at den kan etterprøvast. Arbeidet er utført i nært samarbeid med kommuneadministrasjonen, og det er halde fleire arbeidsmøte underveis. Lisbeth Selstø har vore Øygarden kommune sin kontaktperson for oppdraget. I tillegg har ei rekke ressursar i Øygarden kommune delteke i møter og lese utkast til analysen: Kari Lie, Halvor Skurtveit, Dennis Rene Vevang, Christer Garmann, Sunniva Vatle og Sven Selås Kallevik.

Arbeidet er gjort av landskapsarkitektane Karen Holst, Karianne Eriksen, med kvalitetssikring av Bjørg Wethal. Naturvitar Per Gerhard Ihlen og arkeolog Kjersti I. Vevatne har bidratt inn med natur- og kulturmiljø-vurderingar. GIS-analytikar Torbjørn Eidsheim Bøe har sørga for kartløysing og gode verktøy for arbeidsgruppa. Helene Helland har bidratt på utforming, og Tina Lund hadde ansvar for medverknadsmøter. Kjersti I. Vevatne har vore oppdragsleiar frå Asplan Viak si side.

Bergen, 19.12.2023

Kjersti Ingolvsdotter Vevatne

Bjørg Wethal

Oppdragsleiar

Kvalitetssikrar

Innhold

1. Bakgrunn og formål	5
2. Metode	7
2.1. Geografiske informasjonssystem (GIS) og web-kart	8
2.2. Kunnskapskjelder	8
2.3. Metode for landskapsanalyse i kommuneplan	9
2.4. Medverknad	14
3. Kunnskapsgrunnlag	16
3.1. Landskap i arealplanlegginga - Den europeiske landskapskonvensjonen	16
3.2. Nasjonalt referansesystem for landskap	18
3.3. Fylkeskartlegging Hordaland	19
3.4. Kartlegging Fjell kommune	19
3.5. Biosfæreområde	20
4. Hovudtrekk i Øygarden kommune	22
4.1. Kommunefakta	23
4.2. Arealbruk og naturressursar	25
4.3. Overordna landskapstrekk	36
4.4. Naturmangfold	47
4.5. Kulturhistoria i Øygarden	55
5. Funn frå analysen	65
5.1. Inndeling og verdisetting	67
5.2. Skala og kapasitet	74
5.3. Heilskap og fragmentering	78
5.4. Landemerke	80
6. Oppsummering	81

7. Råd til vidare prosess	83
7.1. Identifisering av særleg verdifulle landskap og vurdering av plangrep	84
7.2. Fastsetting av utmarksgrense i KPA	85
7.3. Sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde	85
7.4. Krav til landskapsvurderingar på reguleringsnivå	87
7.5. Utarbeide formingsrettleiar for nye tiltak	88
7.6. Kjerneområde for viktige skogstypar	88
7.7. Identifisere område for skjøtsel av kystlynghei	89
7.8. Meir kunnskap om framande artar	92
7.9. Landskap som grunnlag for oppleveling, reiseliv og næringsliv	93
8. Kjelder	96

1. Bakgrunn og formål



Figur 1-1 Førdesvatnet søraust i Øygarden

I samband med kommuneplanens arealDEL ønskjer Øygarden kommune å få utarbeida ein landskapsanalyse med fokus på kultur- og naturverdiar. Kommunen ønskjer gjennom arbeidet å få meir kunnskap om landskapsverdiane for å kunne ta gode avgjersler når dei skal vurdera bruk og vern av areala gjennom arbeidet med kommuneplanen.

Landskapsanalysen skal vere eit landskapsfagleg grunnlag for kommuneplanens arealDEL, KPA og vera eit viktig verktøy for til dømes forvalting og skjøtsel av landbruks- og kulturlandskap og korleis landskapet kan utnyttast som ressurs for næringsliv og verdiskaping.

Tidlegare landskapsanalysar viser at både bustadformål og arealintensive næringar legg beslag på store areal. Byggeaktivitet får konsekvensar for landskapet lokalt, men gir også ringverknader for landskapet og naturverdiar i ein større skala. Tidlegare analysearbeid viser også at kommunen har landskap som er svært sårbart for fortettingar, og landskap som er i endring på grunn av manglande skjøtsel. Måten ein byggjer på no påverkar landskapskarakteren meir enn før.

Kommunen har behov for meir kunnskap for ei langsiktig forvaltning og skjøtsel av landskapet, og korleis landskapet kan vera ein ressurs for opplevingar og reiseliv.

Landskapsanalysen skal:

- Ta utgangspunkt i tidlegare analysearbeid, samanstille og identifisere heilskapen i landskapet i kommunen, på tvers av gamle kommunegrenser.
- Vise landskapet i Øygarden i perspektiv, og få fram utviklinga frå fiskarbondesamfunnet og fram til i dag.
- Identifisere særleg verdifulle regionale og lokale landskapsområde, og vise avgrensing av desse
- Synleggjere viktige landskapstrekk, samspel mellom ulike landskapstypar og -rom, lokalt sær preg, kulturarv, identitet og verdiar i landskapet.
- Peike på korleis landbruks- og kulturlandskap kan utnyttast som ressurs for næringsliv og verdiskaping.
- Identifisere visuelt sårbarle landskapsområde, og peike på potensielle areal- og landskapskonfliktar.


Kommunen ønskjer å bruka landskapsanalysen som eit verkemedel i kommunikasjon og medverknad i utviklings- og planarbeid. Asplan Viak har derfor kome med forslag til formidling og etterbruk av arbeidet, og forslag til kva for digitale kommunikasjonsløysingar som kan brukast.

2. Metode

Metode for landskapsanalyse i kommuneplan, utgitt av Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren 2011, dannar grunnlaget for arbeidet med analysen. Rettleiaren frå DN/RA legg opp til ein omfattande og systematisk gjennomgang av landskapet sitt innhald, dokumentert gjennom sjekklistar.

Avgrensing for landskapsanalysen er kommunegrensa i sør, aust og nord, og grunnlinja i vest. Grensene for delområda er sett i ei høg «flyhøgde», og gjer at dei ikkje kan tolkast bokstaveleg når ein zoomar inn, dei er med andre ord upresise i liten målestokk. I tilfelle der dette skapar konflikt må ein synfare staden og bestemme nøyaktig avgrensing.

Geografiske informasjonssystem (GIS) er nytta i kartlegging av data, der landskapsanalysetema vert samanstilt og kan etterprøvast visuelt i kart. På bakgrunn av kartlegginga er i tillegg landskapskarakter og landskapsverdi skildra skriftleg i eit analyseskjema per delområde. Analyseskjema omfattar også tilråding for skjøtsel og landskap.



Figur 2-1. Oneknappen i havtåke ein sommarmorgon

2.1. Geografiske informasjonssystem (GIS) og web-kart

Temadata er samla i eit webkart etablert i Arcgis Online som har fungert som felles plattform for medarbeidarane i landskapsanalysen. Dette webkartet har vore tilgjengeleg for kommunen i samband med analysearbeidet. Alle registreringar om landskap er lagt inn i kartet, slik at dette er tilgjengeleg for kommunen i framtidige kartbaserte løysingar.

2.2. Kunnskapskjelder

Analysen tek utgangspunkt i kjent kunnskap, eksisterande registreringar og datasett. Det er i tillegg gjennomført synfaring i store delar av kommunen. I ein overordna analyse er det likevel umogleg å nå over heile arealet.

Desse kjeldene er nytta:

- Grunnkartdata (FKB og N20)
- Markslagsbasen (AR5)
- Data frå Naturbase (t.d. «viktige naturtyper»)
- Aurland Naturverkstad, Landskapsanalyse for Fjell kommune 2013
- Aurland Naturverkstad, Verdivurdering av landskapsområde i Hordaland, 2011
- Asplan Viak, Landskapsanalyse Sund kommune, 2009
- Kulturminneplan Fjell 2019 - 2022
- Kulturminneplan Sund 2017 - 2022
- Kulturminneplan Gamle Øygarden
- Regionalt viktige friluftsområde (VLFK)
- Data frå Riksantikvaren datert hausten 2023 (Askeladden og SEFRÅK)
- Kommuneplanen sin arealdel i dei tidlegare tre kommunane
- Data frå synfaringar (kommentarar, foto)
- Ortofoto frå kartenesta1881, Norgeskart samt Googlemaps

Vi tek atterhald om eventuelle feil i datagrunnlaget. I ein kommune med høg aktivitet kan det også vere at kartdata, flyfoto og dagens situasjon ikkje alltid stemmer heilt overeins.

I eventuelle påfølgjande planprosessar må ein forventa at der er behov for meir detaljerte registreringar og analyser. Det inkluderer etterprøving av analysen gjennom lokal medverknad.

2.3. Metode for landskapsanalyse i kommuneplan

2.3.1. Arbeidsprosess

Rettleiaren «*Metode for landskapsanalyse i kommuneplan*» skildrar ein prosess i fem fasar:



2.3.2. Fase I – Førebu

Ein sentral oppgåve i denne fasen er å fastsette mål og rammer for landskapsanalysen. Dette blei fastsett i eit halvdagsmøte ved oppstart i samskaping mellom Øygarden kommune og Asplan Viak. Ein vart då samde om kva nivå vurderingane måtte legge seg på, i og med at kommunen no er blitt større geografisk, og ein treng eit vidare overblikk enn tidlegare.


Det vart bestemt at landskapsanalysen skal skildrast etter tabellane i rettleiar frå Miljødirektoratet og Riksantikvaren, men verdisettas etter kriterietabell frå M-1941. Denne skriv ut kriteria tydeleg slik at forfattarens rom for tolking og vektlegging blir så lite som mogeleg. Landskapsanalysen frå Fjell utarbeida av Aurland Naturverkstad vert nytta som eit grunnlag, men er bearbeida og verdisett i dette arbeidet. Nokre av delområda frå denne analysen er endra. Dessutan legg ein seg tett opp mot strukturen i landskapsanalyse for Os kommune utarbeidd av Asplan Viak i 2019.

Asplan Viak stilte spørsmål om kva Øygarden kommune ser som viktige utfordringar. Her vart det nemnt bl.a. utbyggingspress inn mot Midtmarka, handtering av risiko for brann (vegetasjon) og utfordringar knytt til dei fire nivåa i senterstrukturen. Kommunen har vore

oppatt av at landskapsanalysen fangar opp også kulturhistorie og naturmangfald som viktige verdiar i kartleggingsarbeidet.

2.3.3. Fase II – Skildre

I denne fasen vart grunnlag innhenta og studert, og det vart etablert database og terrenghmodell i GIS som grunnlag for ei overordna landskapsanalyse. Dei enkelte «byggeklossane» vert skilda, så som terrenghform, vegetasjon, vatn, arealbruk og busetting og kulturhistoriske element. Fasen munna ut i eit forslag til inndeling i delområde. Inndelinga i delområde vart sendt administrasjonen for gjennomsyn og delt i webkart.



Figur 2-2 Dei blå flagga viser kor Asplan Viak har teke bilete eller lagt inn anna informasjon undervegs på synfaring

2.3.4. Fase III – Fastsette landskapskarakter

I denne fasen vart landskapskarakteren fastsett for kvart delområde på bakgrunn av kva område som har eit fellestrekk når ein ser på kva «byggeklossar» som er typiske. I arbeidsmøte med kommunen vart det gjort ei kvalitetssikring («gyldighetstest») av avgrensning av delområde og lokalnamn. Delområde som det er utført detaljert analyse for, er dokumentert og presentert med utgangspunkt i sjekkliste for fastsetting av landskapskarakter, samt kart og foto.

2.3.5. Fase IV - Vurdere landskapsverdi

I denne fasen er landskapsverdien til det enkelte delområdet vurdert og grunngjeve verbalt med utgangspunkt i eit fastlagt kriteriesett lånt frå rettleiar rettleiar M-1941 frå Miljødirektoratet. Tabell for verdifastsetting frå M1941 er valt for at kvart delområde skal vurderast ut ifrå dei same kriteria, og gjer verdien på delområda mogeleg å rangere ut ifrå dei same kriteria. Samstundes er analysen meir etterprøvbar. Viktige kriteria er mellom anna utbyggingsgrad, naturvariasjon, distinkte element, særpreg og visuell karakter.

Verditabellen gjev høgast verdi til intakte landskap med stort mangfold, og det skal mykje til for å lande i kategorien Svært stor verdi.

Verdi-kriterier	Uten betydning	Noe verdi	Middels verdi	Stor verdi	Svært stor verdi
Inngrepsgrad	Områder uten innslag av natur.	Naturpreget, men med overvekt av menneskelig aktivitet, bebyggelse og infrastruktur.	Noe inngrep. Sammenhengende naturområde i lokal skala. Naturpreget med spredt bebyggelse og infrastruktur.	Få inngrep. Stort sammenhengende naturlandskap i regional skala. Naturlandskap hvor det f.eks. er enkelte bygninger og kraftledninger.	Uten inngrep. Stort sammenhengende naturlandskap i nasjonal skala. Landskap som ikke, eller i svært liten grad, er preget av menneskelig aktivitet, bebyggelse og infrastruktur.
Naturvariasjon	Naturlandskap uten variasjoner.	Naturlandskap med lite variasjon.	Naturlandskap med noe naturvariasjon og flere landskapstyper.	Naturlandskap med stor naturvariasjon over korte avstander og med høyt antall landskapstyper.	Naturlandskap med svært stor naturvariasjon over korte avstander og med høyt antall landskapstyper.
Distinkte elementer	Landskap uten distinkte landskaps-elementer.	Landskapstype eller landskaps-element som er synlig, men uten spesiell betydning for landskapet.	Landskapstype eller landskaps-element som har stor betydning for landskaps-karakteren.	Karakteristisk landskapstype eller landskaps-element som setter tydelig preg på landskapet.	Karakteristisk landskapstype eller landskaps-element som definerer landskapet.
Mangfold	Landskap uten variasjon av natur- og kulturverdier.	Landskap med variasjon med innhold av v en eller få elementer fra natur, friluftsliv, kultur og landbruk.	Landskap som er mangfoldig og har et tydelig preg av flere elementer fra natur, friluftsliv, kultur og landbruk.	Landskap som er svært mangfoldig med et markant preg av elementer fra både natur, friluftsliv, kultur og landbruk.	Landskap som er svært mangfoldig med et og unikt markant preg, av elementer fra både natur, friluftsliv, kultur og landbruk.

Særpreg	Vanlig forekommende landskap uten sær preg.	Vanlig forekommende landskap med noe sær preg.	Særpregede landskap med flere innslag av eksempelvis, inngrep, areal bruk, bebyggelse og elementer som forstyrrer særpreget.	Særpregede landskap med få, ikke dominerende, negative brudd og/eller kontraster.	Unike og intakte, særpregede landskap.
Sammen-henger	Landskap uten kjente sammenhenger mellom elementer eller historiske spor.	Landskap med sammenhenger mellom elementer eller historiske spor som er viktige kun i lokal sammenheng.	Landskap med sammenhenger mellom elementer eller historiske spor som er viktige i regional sammenheng.	Landskap med sammenhenger mellom elementer eller historiske spor som er viktige i regional sammenheng.	Landskap med tydelige sammenhenger mellom elementer eller historiske spor som er viktige i internasjonal eller nasjonal sammenheng.
Tilhørighet/identitet	Områder som det ikke er knyttet spesiell tilhørighet til.	Områder med betydning for en bydel eller mindre gruppe, «hverdags-landskapet».	Områder med lokal betydning, «hverdags-landskapet».	Områder med regional betydning.	Områder med internasjonal/-nasjonal betydning.
Visuell karakter	Landskapet domineres av tilfeldighet, fragmentering, monoton og/eller uoversiktlighet.	Landskapet er ubalansert, til dels uoversiktlig, mindre strukturer og har svake sammenhenger i utforming.	Landskapet fremstår balansert, lesbart, oversiktlig og strukturer.	Landskapet preges av bevisst formgiving, farge- og material bruk, lesbare sammenhenger og godt totalintrykk.	Landskapet preges av bevisst og gjennomført formgiving, farge- og material bruk, god lesbarhet, logiske sammenhenger, og har et unikt visuelt totalintrykk.

Figur 2-3 Verditabell for landskap. Frå M-1941, Miljødirektoratet 2023

Verdi	Farge	Beskrivelse
Uten betydning		Landskap uten, eller med få, visuelle verdier, og liten betydning både i regional og lokal sammenheng
Noe verdi	Yellow	Vanlig forekommende landskap. Landskap av lokal betydning.
Middels verdi	Orange	Landskap av regional betydning og/eller betydning over gjennomsnittet i lokal sammenheng.
Stor verdi	Red	Landskap av nasjonal betydning, eller betydning over gjennomsnittet i regional sammenheng
Svært stor verdi	Dark Red	Landskap av internasjonal eller nasjonal betydning.

Figur 2-4 Forklaring på verdiskalaen. Frå M-1941, Miljødirektoratet 2023

Det har i arbeidet vore diskutert korleis verdi skulle setjast. Om verdiskalaen vert brukt som tenkt, vil berre landskap som har relevans i nasjonal og/eller internasjonal skala få verdien «svært stor». Dette kan medføre at ingen delområde i kommunen får «svært stor» verdi. Eit alternativ er at skalaen vert tilpassa ein kommunal målestokk, slik at dei mest verdifulle landskapa innanfor kommunen kan få «svært stor» verdi. For å forstå dette betre har det i prosjektdiskusjonane vore trekt fram kva som er dei særskilte verdiane i kommunen. Dei store områda med llyngheder har blitt løfta fram, sjølv om ikkje alle er rekna som i «god tilstand». Vidare vil til dømes bygningar frå 1700-tallet reknast som uvanleg gamle og sjeldne i Øygarden, medan det i andre stader i landet finst mange bygg med slik alder. Vidare veit me at folk som bur i Øygarden opplever at landskapet dei lever i har svært stor verdi. Denne verdidiskusjonen har såleis leia til følgjande konklusjonar:

- a) landskapet i Øygarden har tidlegare ikkje vore kartlagd med tanke på landskapskvalitetar i ein slik utstrekning som ein gjer i dette arbeidet. Denne studien gir eit meir detaljert kunnskapsgrunnlag enn ein har hatt til no.
- b) kultur- og naturverdiar som vert særskilt vektlagt i denne landskapsanalysen kan være med å «vippe opp» verdien på eit delområde.

Ut frå dette har vi vurdert at Øygarden kommune kan ha delområde som har verdiar av «nasjonal betydning», og at skalaen og kriteria kan brukast slik dei er satt i rettleiaren til DN/ RA og i M-1941.

Dette er viktig å vere klar over:

- Det kan vere mindre område innafor eit delområde der verdien er høgare, eller lågare, enn verdien for delområdet samla.
- Høg verdi betyr ikkje at et område ikkje toler inngrep, men at landskapet har gode samanhengar og heilskap som må ivaretakast i eventuell vidare utbygging.
- Høg verdi/mogelegheit for utbygging bør og vurderast i samanheng med kapasitet og tolegrense, nokre stader er kapasiteten og tolegrensa stor, andre stader mindre.

2.3.6. Fase V – Vurdere konsekvensar

Rettleiaren legg i denne fasen opp til konsekvensutgreiing av innspel om nye byggjeområde i kommuneplanen. Det er ikkje ein del av denne analysen, men analysen vil vere eit grunnlag for korleis kommunen kan vurdere innspel og utbyggingsforslag.

Vi har i denne fasen søkt å svare ut kommunen sine mål med analysen gjennom å gje landskapsfaglege råd for utvikling både på overordna nivå knytt opp mot dei seks hovudpunktene gitt under føremål med analysen (kap. 7).

2.4. Medverknad

Asplan Viak hadde medverknadsmøte onsdag 25.10.23. I første runde deltok tilsette i Øygarden kommune, i tillegg til tilsette ved musea. Dette skjedde på dagtid. I andre runde på kveldstid deltok frivillige lag og organisasjonar. Asplan Viak hadde skreve ut kart over heile kommunen i målestokk 1:10000 som viste grenser mellom delområde og namn på delområda. Deltakarane vart oppmoda om å velgje seg nokre kartutsnitt dei var særleg interesserte i eller hadde kunnskap om, og markera inn dei dei var opptatt av innafor tema:

- Lokalhistorie og namnsetting
- Friluftsliv
- Typiske trekk og avgrensing av delområde

Heile kommunen vart dekka godt med ei rekke innspel. I tillegg vart problemstillingar diskutert, bl.a. kor tolegrensa for utbygging og inngrep i strandsona går, og korleis ein kan differensiera tolegrenser ulike stader i kommunen.

I møtet på kvelden kom to frå Bonde og småbrukarlaget, to frå Fjell kulturlag og ein frå Øygarden sogelag. Deltakarane gav i hovudsak innspel om sine heimstader som dei kjente godt. Innspela handla særleg om lokalhistorie, men også om kor grenser på delområde burde gå, der ein var særleg oppteken av dei historiske grensene mellom bygdelag.

3. Kunnskapsgrunnlag




Figur 3-1 Handelsstaden Bukken ved Lerøyna. Foto: Linda Telle, privat

3.1. Landskap i arealplanlegginga – Den europeiske landskapskonvensjonen

Den europeiske landskapskonvensjonen har som formål å danne eit grunnlag for vern, forvaltning og planlegging av landskap. Den vart godkjent av Norge i 2001, og tredde i kraft i 2004.

Konvensjonen omfattar alle typar landskap - by- og bygdelandskap, kyst- og fjellandskap. Den handlar om verdifulle landskap, ordinære landskap og om landskap som kan trenge reparasjon. Landskapet er i stadig endring. Konvensjonen tek ikkje sikte på å hindre endringar, men å gje folk mogelegheita å styre endringane i ein retning som dei ynskjer. Konvensjonen legg særleg vekt på landskapet der folk bur og arbeider, og der barn veks opp.

Landskapet femner både kultur og natur, vi skapar alle vår eiga landskapsoppleving på grunnlag av bruk, minner, assosiasjonar og kunnskap. Det er dei personlege erfaringane som gir landskapet kulturelle og sosiale verdiar, i tillegg til miljømessige og økonomiske verdiar.



Figur 3-2 Viser samanhengen mellom de ulike tilgrensande fagtema som underbygger landskapet i en større heilskap. Miljødirektoratet

Eit viktig mål med konvensjonen er å styrke enkeltmennesket og lokalsamfunnet sin medverknad i arbeidet med planlegging, vern og forvaltning av landskap. Konvensjonen etablerer ansvar og rettar for alle til å

- Etterspørje landskapsomsyn i sine omgjevnader
- Engasjere seg for å ta vare på landskapskvalitetar

- Delta når fagfolk, byråkratar og politikarar diskuterer landskapsverdiar og forvaltning
- Bidra når styresmaktene innarbeider landskapsomsyn i planlegging og forvaltning

Den europeiske landskapskonvensjonen definerer landskapsplanlegging som «sterke fremtidsrettede tiltak som tar sikte på å forbedre, istrandsette og skape landskap». Norge forpliktar seg gjennom konvensjonen til å betre kunnskapen om eigne landskap. I dette ligg det å kartlegge landskapet og å analysere landskapets karakter for få fram kva krefter og truslar som fører til endringar.

Landskapsanalysen for Øygarden kommune skal bidra til auka forståing av dagens landskapskarakter, verdiar og sårbare forhold, og til kva faktorar som kan endre dette, slik at kommunen sitt planarbeid kan gjere bevisste val i møtet mellom landskapsverdiar, vekst og fortettingssonar i kommunen - i tråd med den europeiske landskapskonvensjonen.

3.2. Nasjonalt referancesystem for landskap

Sidan 1989 har NIJOS arbeidet med utviklinga av eit nasjonalt referancesystem for landskap. Rapport nr 10 frå 2005 inneheld ein skildring av Norges 45 landskapsregionar. Skildringa listar opp seks ulike landskapskomponentar. Desse er

- landskapets hovudform
- landskapets småformar
- vatn og vassdrag
- vegetasjon
- jordbruksmark
- busetnad og tekniske anlegg.

I tillegg følgjer ei skildring av regionens samla landskapskarakter, og her er også enkelte særegne regionale kvalitetar omtala.

Øygarden kommune ligg i Landskapsregion 20, Kystbygdene på Vestlandet. Landskapsregionen strekk seg frå Boknafjorden i sør til Romsdalsfjorden i nord, og har ein flyhøgd som gir eit forenkla og overordna inntrykk av landskapet.

3.3. Fylkeskartlegging Hordaland

Landskapet i Øygarden kommune er kartlagt og verdivurdert som del av «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke som tar utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap». Dette arbeidet er utarbeidd av Aurland Naturverkstad på oppdrag frå Hordaland fylkeskommune i 2011.

Rapporten bygger på Nasjonalt referansesystem for landskap (NRL), og deler inn Hordaland fleire landskapsområde.

Rapporten til Clemetsen og Simensen seier at *«verdisettingen på dette nivået, basert på Referansesystemet, ikkje vil kunne gi et tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag om landskapet i konsekvensutredninger av konkrete planer om tiltak. På prosjektnivå må analyser og vurderinger suppleres med annen metodikk...»*

I dette arbeidet har Asplan Viak opparbeida seg meir detaljkunnskap om Øygarden kommune, og fått to delområde med «svært stor verdi».

Verdivurderinga for Hordaland fylke vert derfor nytta som eit kunnskapsgrunnlag, men ikkje direkte og konkret.

3.4. Kartlegging Fjell kommune

Aurland Naturverkstad har også gjort ei kartlegging av landskapskarakter i Fjell kommune på eit meir detaljert kommunenivå i 2013. Denne analysen var del av rulleringa av kommuneplan for Fjell kommune. Her vart kommunen delt inn i 29 einskaplege område. Av desse vart 22 landskapsområde vurdert, medan sju område vart utelatt då det ikkje var planlagt tiltak som ville ha vesentleg konsekvens for desse områda. Avgrensing av visuelt sårbare område, heilsaklege kulturmiljø, viktige område for rekreasjon og friluftsliv og tilgjengeleg strandsone blei vist på eigne temakart. Det blei ikkje satt verdi på landskapsområda i dette arbeidet.

Asplan Viak har bearbeida denne landskapsanalysen vidare. Nokre av delområda er gjort om på, og teksten er skrive om og supplert med oppdatert informasjon.


3.5. Biosfæreområde

Nordre del av Øygarden er del av Nordhordland Biosfæreområde. Dette er det einaste området i Noreg med status som UNESCO Biosfæreområde. Å vere eit Biosfæreområde viser kor viktig Nordhordland er og har vore, som eit folkerikt område med mykje aktivitet, høge verdiar og høg verdiskaping. Fjord og sjø står heilt sentralt.

På nettsidene til Nordhordland biosfære står det følgande:

«UNESCO poengterer at det er viktig å vise korleis menneska i desse områda lever og nyttar ressursane. Nordhordland står solid som ein representant for den ressurssterke Vestlandskysten, og i internasjonal samanheng som eit demonstrasjonsområde for det moderne Norge. Naturen er kontrastrik med kysten beskytta av ein brei skjergard, store og små fjordar og vidare gjennom dal- og skoglandskapet opp til høge fjell. Nordhordland er godt forankra i ein kultur med røter langt tilbake i historia; og med eit næringsliv som spenner over alt frå tradisjonelt jordbruk og fiske til moderne industri, olje, energi og akvakultur. Nordhordland representerer dei ressursane som regionen og landet elles må forvalte på ein berekraftig måte. I tillegg til at menneska er ein ressurs, er også dette viktige ressursar som skal forvaltast:

- natur
- vatn
- fisk
- petroleum (olje / gass)



Figur 3-3 Illustrasjon fra nettsidene til Nordhordland biosfæreområde. Ill: Kjersti Isdal.

Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal ha fokus på berekraftig natur-, samfunns- og næringsutvikling, og vil med det falle godt inn i den retninga det internasjonale biosfæreprogrammet går. Internasjonalt er det sterkt vektlagd at både det biologiske og det kulturelle mangfoldet skal ivaretakast og at områda skal stå for ei økonomisk utvikling som både er moderne, sosiokulturelt og økologisk berekraftig».

4. Hovudtrekk i Øygarden kommune



Dette kapittelet gir ein introduksjon til landskapet i Øygarden kommune. Fokuset er overordna, men gjev og ei konkret skildring som forklarer korleis natur og naturressursar har gjeve premissar for menneska, og korleis dette har påverka både landskap og kystkultur.

4.1. Kommunefakta

Øygarden kommune er om lag 65 km lang frå nord til sør, og består av om lag 1500 øyer, holmar og skjær. Sotra er den største øyen og strekk seg frå like nord for Sollsvika til Kleppe og Håkonsund i sør. Her ligg det største fjellmassivet, med Liatårnet som høgste punkt på 341 moh, men også Veten i sør med sine 285 moh er eit landemerke. Kystlinja er flika men meir samla i aust, medan i vest formast ho av eit mylder av små holmar. Nord for Sollsvika ligg terrenget lågare, med dei høgste punkta på omkring 40-50 moh, forutan Turøyna med sine 74 moh. Her er landmassen også gjennomskore av fleire aust -vest gåande sund som har gjeve god kontakt mellom havet og grøndene med trygge hamner innanfor.


På Sotra finst nærmere 50 små vassdrag, dei fleste med fleire små vatn. Berre fem av vassdraga har eit nedbørsfelt på over 5 km², medan over halvparten er under 2 km². Dei aller fleste ligg eit stykke unna bustader og jordbruk. Fjellvassdraget er det største av vassdraga på Sotra, med i alt 10 større eller mindre vatn.

Folketalet i kommunen er på nær 40.000, og den største konsentrasjonen av busetnad ligg frå Sotrabrua til Kolltveit, sjå Figur 4-1. I all hovudsak er kommunen prega av meir eller mindre tette småhusmiljø og/eller gardsmiljø. Bustadstrukturen er dominert av einebustader, men tomannsbustader, rekkehus og blokkleilegheiter finst i dei ulike sentrumsområda, særleg Straume. Ein god del av strandsona og kystnære område, særleg sentralt i kommunen, er sterkt bygningspåverka. Der eldre bygningsmiljø gjerne er tilpassa landskapet, ber nyare bygnings- miljø og felt meir preg av at ein byggjer ned landskapet, og enkelte bygder er i ferd med å vekse saman.

Straume er regionsenter og kommunesenter, og ligg på Litlesotra i aust. Her finn ein fleire sentrumsfunksjonar som handlesenter og offentlege tenester. Dei definerte sentrumsområda i Øygarden kommune er Straume, Bildøyna, Rong, Skogsskiftet og Ågotnes. Rong og Skogsskiftet er tidlegare kommunesenter fram til kommunesamanslåinga i 2020.

Viktige vegsamband er rv. 555 som går frå Bergen, gjennom kommunesenteret på Straume og Storavatnet mellom Fjell og Kolltveit. Herifrå går fv. 561 nordover til Stura,

medan fv. 560 går sørover til Klokkarvik via Vorland. Ny Sotrabru skal stå ferdig i 2027. Prosjektet omfattar 9,4 km. ny riksveg med fire felt, som skal gå mellom Kolltveit til Storavatnet i Bergen.



Figur 4-1. Folketal i Øygarden, 2023. Kart: Øygarden kommune

4.2. Arealbruk og naturressursar

Temaet arealbruk gjer greie for hovudtrekka i historisk arealbruk og dagens arealbruk med vekt på bygde miljø, og korleis landskapet er og vert påverka av denne arealbruken. Den historiske arealbruken har vore tett knytt til naturgrunnlaget og naturlege føresetnader. Moderne teknologi, betra økonomi og overskot av fritid har medført store endringar i bruken av landskapet.

4.2.1. Historisk arealbruk

Opphavleg busetnad og ferdsselsårer følgjer i stor grad dei overordna strukturane i landform og naturgrunnlag. Sjøen var den viktigaste ferdsselsåra, og vegen frå garden til naustet den vegen som var mest nytt. Garder og bygder ligg der det var god jord, og ei god hamn i nærleiken. Opp mot nyare tid kom det rutebåtar og ferje mellom mange av bygdene ogøyene. Bygdene var små, etter kvart med ei dampskipskai, post og butikk. Sprekkestrukturen i berggrunnen har og danna gode snarvegar over land, så vel som snarveg mellom hav og skjerma fjord gjennom sunda.



Figur 4-2 Busetting Sollsvika, landskapet legg premissar for den opphavelige bygda. Ein har bygd lavt i terrenget. Nye bustader ligg på toppen av Søre Helleren og er meir utsett for været og har vanskelegare tilgang til sjøen enn dei eldre bustadene. Foto: Asplan Viak AS



Figur 4-3 Tradisjonelt har små stader danna seg der det var ei god hamn og noko jord å dyrke. Bygningane var små og plassert i høve til føresetnadene i landskapet, som her i Telavåg. Foto: Asplan Viak AS

Historisk sett har fiskarbonden nytta landskapet i eit vekselbruk mellom sjø og land. Nokre stader har lausmassane gitt gode føresetnader, og dei har vore utbetra med husdymøkk og tangutlegging over lang tid. I nyare tid har moderne næring, industri og fritidsanlegg vakse fram.

Samanlikna med nabokommunane har Øygarden kommune lite dyrka mark og store utmarksressursar. Dei gode jordbruksområda er samla i klynger. Jordene er ofte små og brotne opp av det kuperte terrenget, slik at det er plass til bygg og veger innimellom. Det finst få store samanhengande jordbruksområde, men jorda er god og i lokal samanheng er jordbruket viktig.



Figur 4-4. Vik 1962. ei jordbruksbygd med naustmiljø. Foto 1881, Historiske kart.



Figur 4-5 Klynge av småbruk ved Tofta, Toftarøyna

I og ved jordbruksbygdene finn ein mykje llynghesi, der sau - blant anna gammalnorsk sau, beitar heile året. Den gammalnorske sauens etterkommarar av dei første sauene som vart ført inn til Noreg då husdyrhaldet etablerte seg. Dei er tilpassa landskapet og driftsforma,

dei nyttiggjer seg lyng og tang som beite og greier seg stort sett sjølve. Sauen har vore med på å skape kystlyngheiene, og er viktig for skjøtsel og bevaring av landskapet. Der denne driftsforma er forlete gror llynghesia til. I nyare tid har ein starta å restaurere llynghesi. Produksjon av kjøt per dekar er liten, men kjøtet har høg kvalitet, unik smak og dyra evnar å leggje på seg på desse beita.



Figur 4-6 Utegangaren har vore heilt sentral i arealbruken og forma i landskapet i Øygarden



Figur 4-7 Naturlege sprekker i landforma har vore nyttet som ferdelsveg, som her ved Telavåg



Figur 4-8 Tradisjonelt naustmiljø Hjelmo. Nausta er avpassa til terrenget i størrelse og plassering




Figur 4-9 Nothengje på Hellesøyna, eit vitnesbyrd om ein type fiskeri i overgangen frå fiskarbonden til dagens havbruk

4.2.2. Dagens arealbruk

Frå Sotrabrua opna i 1972 blei bilvegane viktigare som ferdselsåre. Bruer erstatta etter kvart mange av ferjene, og frå 1980-tallet kunne ein køyra frå nord til sør på nokre timar. Straume og Ågotnes vaks fram som viktige sentrumsdanningar langsmed vegen, knytt til næringsutviklinga og folkeveksten. Desse blei utbygd med standardiserte bygg, og særleg Straume ligg høgt i terrenget og utan direkte tilknyting til sjøen.

Dagens arealbruk har frigjort seg meir frå dei naturlege føresetnadene og tradisjonelle byggemetodane. Både sprenging, utfylling og store og einsarta bygg er vorte meir vanleg. Gjennom bygging på visuelt eksponerte toppar eller nes, eller bygging i strandsone og dei andre randsone mellom kulturlandskap og naturlandskap, vert naturlege overgangar i landformer, terrenge og vegetasjon «viska ut» eller øydelagd. Dette er landskapselement som er med på å gi struktur og identitet, og nedbygging av elementa gjer landskapet vanskelegare å lese og orientere seg i.



Figur 4-10 Straume sentrum følger ikkje den tradisjonelle sentrumsdanninga i Øygarden med sine store og einsarta bygg høgt på ein terrengrygg



Figur 4-11 Nyare bustadfelt er ofte planert ut, gjerne på høgder for å få utsikt, bygningane er større enn tradisjonelt, og plassert i høve til vegar og kvarandre.




Figur 4-12 Vik 2023, bygda er fortetta med moderne hus, strandsona er mest utnytta til fritidsbruk

Alle førekomstar av dyrka mark, både fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite, er rekna som svært verdifull i Øygarden. Det tradisjonelle jordbruket har mange små jordlappar spreitt kring garden der det var naturleg førekomst av jord. Somme stader har ein laga seg ekstra flekker ved å bygge ei lita mur og fylle på jord, møkk og tang. Nokre av gardane har i nyare tid fått køyrt til ekstra jord, og såleis fått større areal å driva meir intensivt på. Desse nye jordene er gjerne kraftig gjødsla og framstår som særleg grøn.



Figur 4-13 Intensivt jordbruk ved Breivik



Figur 4-14 Rv 555 bind saman Øygarden frå nord til sør. Vegen er sprengt ut i landskapet og bind saman øyane med bruver.



Figur 4-15 Bru til Turøyna

Sund, viker og pollar har gitt gode vilkår for fiskeoppdrett. Havnæringa står for om lag 40% av verdiskapinga i kommunen.



Figur 4-16 Osundet med oppdrettsanlegg i aust

Fritids- og friluftsliv har også teke landskapet i bruk på nye måtar. Det finst mange hamnar for fritidsbåtar, og klatrefelt og ferdsle med kajakk er andre populære aktivitetar.



Figur 4-17 Moderne industrihamn på Ågotnes med brønnbåt og supplybåt til kai.



Figur 4-18 Fritidsbåtar ved Kleppe



Figur 4-19 Utmarka er tilpassa fritidsbruk, med hytter på utsiktstomter og sjøboder ved fritidshamna, Sprengsneset



Figur 4-20 Klatring Gjøkeredet nær Landro (Foto: Emil Lie Hansen, privat), kajakkpadling og fiske ved Bjørøyra medan Danmarksferja er på veg til Bergen, Liatåret i bakgrunnen (Foto: Anna Wathne, privat)

4.3. Overordna landskapstrekk

4.3.1. Landformer

Overordna landformer og vassdrag er danna av geologiske prosessar som er grunnleggande for heile landskapet si innreiing, og for bruk og forståing av landskapet.

- Typisk og karakteristisk for heile kommunen er terrenget forma med skråstilte svaberg mot aust, og bratte skrentar mot vest.
- Ytterkysten er ofte forma av eit mylder av små holmar og skjær. Innanfor ligg gjerne lange og skjerma sund, pollar og viker.
- Mellom Øygarden kommune og Askøy kommune ligg Hjeltefjorden som er nytta som skipslei nord og nordvestover, medan mellom Øygarden og Bergen kommune ligg Vatlestraumen og Kobbeleia som er nytta som skjerma skipslei om ein skal sør og sørvest.
- Kommunen har og eit indre øylandskap med llynghei og anna kulturmark, myr, vatn og vassdrag utan visuell kontakt med sjøen.
- Strandlinja langs austsida er mindre flika og med færre øyer, holmar og skjær.

Høgdelagskart viser reliefet i terrenget tydeleg.

- Den sørlege delen av kommunen har ei større samling av tett landmasse. Den nordlege delen er meir gjennomskore og fragmentert.
- I nord er terrenget meir oppsprukke og har lite høgdeskilnader.
- Austsida av kommunen har ei meir samla strandlinje mot sjøen.
- Liatånet og Veten trer frem som dei største og høgaste terrenghformane i kommunen.
- Forkastingane som går nord-sør og nordaust-sørvest er tydelege. I mange tilfelle er dei utnytta som farlei til sjøs og til lands.
- Innimellan står dei skjoldforma flatene tydeleg fram.



4.3.2. Sjø, vatn og vassdrag

Sjøen omsluttar Øygarden på alle kantar. På vestsida som mektig og stadig skiftande hav, på austsida som ei skjerma fjord og mykje nytta skipsled, og mellom desse ytterpunktene finst mange vågar, viker og sund, samt vatn og vassdrag. Sjøen har vore ferdselsåre og matfat, men også kyrkjegard.

Dei mange vassdraga ute ved kysten er gjerne små og unselege. Dei har vore nytta til gardskverner, men også til større verksemder som ein framleis kan sjå rester etter i mellom anna Midtmarka. Derimot har det vore lite, om noko, sagbruk. I våre dagar er vassdraga gjenoppdaga for rekreasjon og friluftsliv, drikkevasskjelde og nokre stadarsmoltproduksjon.

Som landskapselement er alle myrane og dei små ferskvatna og tjørnene mest framtredande, medan bekkane er meir unselege og blir sjeldan til elvar eller fossar (Fjellvassdraget | Grind - Ei reise gjennom natur og kultur i Vestland).



Figur 4-21 Myr og ferskvatn i Sundskogen

4.3.3. Vegetasjon

Landskapet i Øygarden kommune er i hovudsak eit kulturlandskap med variasjonar i utrykket. Dei aller fleste areala har vore utnytta til jordbruk i fleire tusen år. Enkelte lommer av naturlandskap har jamvel overlevd, hovudsakeleg på nokre topper og i bratte lier. Men

av di presset frå landbruket har vorte mindre dei siste 100 åra, har naturen starta å ta tilbake kulturlandskapet, og kulturlandskapet er i gjengroing.



Figur 4-22 Lynghei i gjengroing

I tida før menneska starta med jordbruk for ca. 5000 tusen år sidan, var store delar av Øygarden skogdekkja. Klimaet var varmare, og skogane var rike på varmekjære lauvtre. Dei høgareliggende områda var furudominert, medan dei lågare var dominert av lauvtre.

Det finst mindre område med naturmark i Øygarden, oftast på toppen av høgdedrag som fattig furuskog eller i bratte lier. Særleg sør i Øygarden finst ein del hasseldominerte skogholt.

Etter tidlegare istider har hasselen brukt lang tid på å spreie seg, med mus og andre dyr. Etter siste istid hadde den ein mest eksplosjonsarta spreiing langs ytterkysten, og danna skogar som ein knappast kan førestille seg i dag. Det er samanfall mellom dei områda på kysten der hasselen kom tidleg, og dei områda som ble først busett. Det regnast difor som truleg at hasselen kom med dei fyrste folka. Om det nå var slik at hasselen her ute blei spreidd med folk, er hasselskogane på ein måte også det første kulturlandskapet i Hordaland. Enkelte stader kan dette landskapselementet ha klora seg fast og blitt verande på utilgjengelege plassar.

Figuren til høgre visar nokre av stadane i Øygarden det er registrert hassel.





Figur 4-23 Lauvskog med hassel ved Førdesvatnet

Kulturlandskapet er viktig for naturmangfold og som produksjonslandskap, men det er også eit visuelt uttrykk for historisk kontinuitet som gir tidsperspektiv og felles referansar. Det bidreg til å byggje identitet og fellesskap, og fortel om korleis ein levde her før.

Vegetasjon og naturstrukturar er utgangspunkt for landskapet som habitat for plantar og dyr, men også for vår oppleveling av natur og høve til rekreasjon og friluftsliv. Strukturane er oppstått på bakgrunn av naturgitte føresetnader, naturen sine eigne endringsprosessar, og vår menneskelege påverknad.

Det mest framtredande trekket ved kulturlandskapet er kystlyngheia som dekker store område med lav vegetasjon som gir god oversikt. Dei store områda med kystlynghei er i ulike stadier av gjengroing. Nokre har god tilstand medan andre er i ferd med å gro til med gran, furu og/ eller bjørk. Vegetasjonsdekket er tynt, og bart fjell stikk opp jamt over det heile.

Enkelte stader har ein starta å restaurere kystlynghei, i Øygarden er arbeida kring Hatten ved Stura eit døme. Det finst tilskotsordningar som legg til rette for dette. Gevinsten er eit betre utmarksbeite, betre vilkår for naturmangfold og dyreliv, samt mindre risiko for

storbrann. Eit anna døme er ein eigedomsutviklar på Litlesotra som vil skjøtta lyngheia som er i attgroing der for at nye bustader skal være trygg for brann.

Myrane har og vorte nytta som ressursgrunnlag, både for beite og til å ta ut torv. Desse skil seg gjerne ut ved å være flatare enn omgjevnaden, og utan fjellknausane som stikk opp. Sjå kapittel 4.4. for meir om naturmangfald.



Figur 4-24 Lynghei og myr ved Hellesøyna

Det småskala jordbruket som ligg lunt til i små skålformer i landskapet er eit anna særtrekk i Øygarden. Dette er areal som ligg i tilknyting til samfunna langs kysten, mellom anna ved Tofterøyna, Forland og Nese, men også lenger inn i landet som på Skjold og Fjell. Her tyder også gardsnamna på lang busetting.



Figur 4-25 Tradisjonelt innmarksbeite ved Skaga, Alteret i bakgrunnen

4.3.4. Romleg - estetiske forhold

Under romlege forhold vert dei eigenskapane som ikkje berre er synleg omtalt. Vi sansar med heile kroppen i det landskapet vi er omslutta av og er ein del av. Særleg tre romleg-estetiske opplevingar er tydeleg i Øygarden:

- Hav, himmel, stille og storm på ytterkysten
- Berg, lyng, myr og jord i dei indre områda
- Sund, våg, hamn og heim på austsida og i dei skjerma områda på vestsida.

På ytterkysten er landformene ofte småskala, der ein kan finne små og lune hamner. Havet og himmelen rammar desse små romma inn i ei større skala. Nokre stader ser ein langt, som oppover Hjeltefjorden eller frå toppen av Liatårnet, andre stader er sikten kort, som inne i vågane ved Lokøyna. Fjellet har ofte konveks form, og dei bratte stupa mot vest dannar brå kantar og overgangar. Dei eldre busettingane har ei organisk form, som følger terrenget og dei naturlege føresetnadene, medan til dømes ved Straume dannar busettinga eit teppe der dei naturlege føresetnadene er vanskelege å få auge på. Lys og årtidsveksling, lyder og lukter er også viktige for korleis vi opplever landskapet.



Figur 4-26 Utsyn fra Høyland og austover, mot Os og Gullfjellet. Skjerma og frodig landskap med lange siktlinjer




Figur 4-27 Eksponert for storhavet ved Solsviksundet



Figur 4-28 Skjerma sund og vågar, frå Vindkjeften - som nok og kan vere utsett - mellom Lokøyna og Langøyna



Figur 4-29 Innlandslandskap, frå Kallestad med Storavatnet



Figur 4-30 Fjellandskap, Høgafjellet sett frå Tellnes næringspark ved Bruhaugane



Figur 4-31 Midtmarka, eit av tre store område med heilandskap. Dei andre er Liatårnet og Veten.



Figur 4-32 Krossfjorden danna grensa mot Austevoll og er eit berykt sjøstykke. Den kan vere krevjande å forsera

4.4. Naturmangfold

Naturen er grunnlaget for alt liv på jorda. I tillegg til at den har ein eigenverdi, er den og viktig for økosystemtenester som til dømes karbonlagring og flaumdemping. Gjennom ulike internasjonale konvensjonar har Noreg forplikta seg til å ta vare på artar og deira leveområde gjennom viktige føringar som til dømes:

- Økosistema skal ha god tilstand og leve vere økosystemteneste
- Ingen artar og naturtypar skal utryddast og utviklinga for trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast
- Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar

I tillegg til plan- og bygningsloven og Meld. St. 14 (2020-2021) om Natur for livet (2014-2015), er Naturmangfoldloven frå 2009 svært viktig. Den grip over alle sektorar og skal

gjelde for alle vedtak som påverkar natur. Her blei naturmangfald definert som «*biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning*».

For å nå måla nemnd ovanfor har kommunane ei sentral rolle og det er difor viktig med eit godt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald. I Øygarden kommune er det over lang tid samla inn ein del kunnskap om naturmangfald og for å få ein oversikt over dette følgjer vi her inndelinga i kategoriar av naturmangfald slik den er gjort i Miljødirektoratet sin rettleiar om konsekvensutgreiingar (M-1941). Det er her lagt vekt på naturverdiar som er relevante på landskapsnivå. I det følgjande er desse skildre, men først er naturgrunnlaget skildre fordi det er styrande for mykje av naturverdiane i kommunen.


4.4.1. Naturgrunnlaget

Mykje av informasjonen om geologi er henta fra Fosen (2005a, 2005b og 2005c).

Landformene i Øygarden er danna av ulike geologiske prosessar og berggrunnen er en del av grunnfjellet som vart danna i urtida. Det har vore gjennom mange og lange geologiske prosessar, og blitt omdanna fleire gonger.

Berggrunnen består mest av gneisar, som er dagbergartar forma djupt nede i jordskorpa, mens fjellkjeder bygde seg over dei. Dei har logge i botn for fleire fjellkjeder, den seinaste kalla den kaledonske fjellkjeda, som kan samanliknast med dagens Himalaya og fantes her for omkring 750 – 400 millionar år sidan.

Den kaledonske fjellkjeda blei etter kvart slitt ned av erosjon frå vind og vatn, og Storbritannia og Norge flytta seg frå kvarandre. I denne fasen, og antakeleg i tidlegare, oppstod dei nord-sør gåande og nordaust-sørvest gåande sprekkane som deler opp Øygarden. Nye berggrunnslag kom til oppå



Figur 4-33. Viser bergrunnskart, og kontrasten mellom dei gamle gneisane i Øygarden kommune mot Bergensbogane i skyvedekket lenger inne. Kjelde: NGU

dette, og har sidan blitt slitt ned igjen, men kan enno finnast att andre stader i fylket. Det gjer at den synlege berggrunnen i Øygarden stammer frå ei geologisk eldre tid enn for eksempel Bergensbuene. Seinare, i Kritt-tida, skjedde ytterlegare endringar som gjorde at dei austlege delane av den sprukne berggrunnen sokk lenger ned i jordskorpa. Ved arbeid med Bjørøytunnelen vart det funnen berggrunn frå Perm-tida, av di her går ein forkasting som gjer at desse berglaga har søkke så djupt at dei ikkje har blitt erodert bort i tida etterpå.

Dei geologiske tilhøva skildra ovanfor er relevant for den meir overordna landskapsanalysen. I den vidare delen er det fokusert på naturgrunnlaget som er styrande i høve til naturtypane i kommunen. Det er og gitt ein meir utfyllande informasjon om dette i Guntveit (2003).

Ifølgje kartinnsynet Norges geologiske undersøkelse (NGU) om Nasjonal arealinformasjon, så består berggrunnen i Øygarden kommune mest av diorittisk til granittisk gneis. Dette er harde og sure bergartar som avgjer lite plantenæringsstoff. Inne i mellom finst det og noko meir kalkholdige bergartar som til dømes amfibolitt som avgjer meir plantenæringsstoff. Det er lite lausmassar i kommunen, men av slike som er interessant for plantevekst kan nemnast tynt morenedekke, hav-, fjord- og strandavsetningar, marine strandavsetningar og skjelsand. Andre lausmassar her er torv og myr.

Middeltemperaturen for 2022 ligg på om lag 10 til 15 °C og med einskilde område som er svakt kaldare med middeltemperatur på mellom 5 til 10 °C. mellom (www.senorge.no). Årsnedbøren i Øygarden kommune er ganske lik for kvart år, men det er ein del variasjon i kommunen om kvar det kjem mest nedbør. I 2022 var årsnedbøren mellom 750 mm og 1000 mm i den nordre delen av kommunen, medan den var mellom 1500 mm og 2000 mm i den sørlege delen av kommunen. Generelt er Øygarden også svært vindeksponert.

Dei klimatiske tilhøva er avgjerande for inndelinga i bioklimatiske vegetasjonssonar og vegetasjonsseksjonar. Heile Øygarden kommune ligg i boreonemoral bioklimatisk sone, som er karakterisert av fleire varmekjære vegetasjonstypar og artar (Moen 1998). Vegetasjonssonar viser mest forskjellar i temperatur, spesielt sommartemperatur, medan vegetasjonsseksjonar har å gjere med oseanitet der fuktigkeit og vintertemperatur er dei viktigaste klimatiske faktorane. Heile Øygarden kommune ligg i oseansk seksjon, som er karakterisert av relativt mykje nedbør (sjå ovanfor) og eit vintermildt klima. Det finst difor ein del plantar her som er ømfintlege for frost.

4.4.2. Verneområde og område med bandlegging

I Øygarden kommune er det totalt ni naturreservat som alle har høgste forvaltningsprioritet. I tillegg er Krossfjorden føreslått som eit marint verneområde. Kategorien inneheld og utvalde naturtypar etter naturmangfaldsloven og i Øygarden kommune er kystlynghei ein svært viktig naturtype fordi den her dekkjer store areal. Kystlynghei er definert i forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfoldloven (§ 3) slik:

*Kystlynghei klassifisert som «svært viktig» (A-lokalitet) eller «viktig» (B-lokalitet) av Miljødirektoratet. Med kystlynghei menes heipregete og i hovedsak trebare områder i et oseanisk klima, dominert av dvergbusker, særlig røsslyng (*Calluna vulgaris*), formet gjennom rydding av kratt og skog, og betinget av langvarig hevd med beite, og mange steder lyngbrenning og lyngslått. Definisjonen er basert på verdisetting etter metodikken i DN-håndbok 13 (DN 2007) som nå er erstatta med Miljødirektoratets instruks (Miljødirektoratet 2023). Kystlynghei og vurdert som ein sterk trua (EN) naturtype. For å framheve viktigheten av kystlyngheier følgjer vi her anbefalinga frå Miljødirektoratet om at naturtypen vert behandla i denne kategorien.*

Kystlyngheier er forma gjennom rydding av skog og kratt, og fleire tusen års bruk der den viktigaste hevdfaktoren er lyngbrenning og beite gjennom det meste eller heile vekstsesongen. Som nemnd i kapittelet om naturgrunnlaget så er det eit vintermildt (oseanisk) klima i kommunen der det sjeldan blir frost, noko som førar til ein lang beitesesong med husdyr som kan gå ute nesten heile året. Kystlyngheier er mest knytt til kystnære låglandsområde på Vestlandet og vidare eit stykke nord for Lofoten (Hovstad mfl. 2018).

Naturtypen er altså betinga av beite og lyngbrenning og er som intakt eit ope heirområde gjerne dominert av røsslyng. Når landskapet ikkje lenger har denne hevda skjer det ein attgroing med buskar og tre, som seinare blir skogsmark. Det må her presiserast at systemet om type- og skildringssystemet Natur i Norge (NiN-systemet) nyttar variabelen om rask gjenvekstsuksesjon i semi-naturlig (7RA-SJ) om attgroing. Her vert termen attgroing nytta, men dei ulike stadia av attgroing følgjer trinndelinga i variabelen 7RA-JA (Halvorsen & Bratli 2019). Trinndelinga som er i bruk er brakkleggingsfase, tidleg attgroing, sein attgroing og ettersuksesjonstilstand (ikkje lenger semi-naturleg, men skogsmark). Nærare forklaring er gitt i Halvorsen og Bratli (2019) og døme på dei ulike trinna er vist i Figur 42. Andre negative påverknadar er nitrogen-nedfall, innslag av

framande artar, slitasje og ulik arealbruk. Dei negative påverknadane gjev difor ulik tilstand på naturtypen, og dermed ulik verdi/lokalitetskvalitet.

Mykje av kystlyngheine i Øygarden har nyleg vore kartlagt på oppdrag for Miljødirektoratet og eit stort område vart kartlagt i 2023 etter (Miljødirektoratet 2023). I denne kartlegginga vert tilstanden vurdert, og i skildringa av landskapsområda her har vi hatt dette med i vurderingane. Dømer på ulike tilstandar av attgroing er vist i figur under.



Figur 4-34. Døme på ulike tilstandar av attgroing som gir ulike lokalitetskvalitetar jf. Miljødirektoratets instruks. Øvst: Høg lokalitetskvalitet frå Vindeneskvarven (t. v.) og moderat lokalitetskvalitet frå Stegevikåsen (t. h.). Begge er i brakkleggingsfase. Nedst: Låg lokalitetskvalitet og tidleg attgroing frå Svarta Berget (t. v.) og svært låg lokalitetskvalitet og sein attgroing frå Stekkefjellet (t. h.). Foto frå Miljødirektoratets faktaark - Naturtyper NiN (frå Økologisk grunnkart).

Andre utvalde naturtypar jf. naturmangfaldlova er hol eik og slåttemark, men desse utgjer så små areal at dei har mindre å si for landskapsanalysen.

4.4.3. Naturtypar


Store delar av dei tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden har vore kartlagd for naturtypar (Gaarder & Fjeldstad 2009, Moe 2003 og Guntveit 2003) etter metodikken i DN-handbok 13 (DN 2007). Det har og vore fleire supplerande kartleggingar av naturtypar, mellom anna av Eilertsen & Ihlen (2014) og Ekelund (2014). I følgje Melding til Stortinget, Natur for livet, skal systemet Natur i Norge (NiN) ligge til grunn for all naturkartlegging i Norge. Store delar av Øygarden kommune har nyleg vore kartlagd etter Miljødirektoratets instruks (som byggar på NiN-systemet) og mykje kartleggast også i 2023. Totalt er difor det meste av kommunen kartlagd for naturtypar og det er difor eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag her. Det desidert største arealet av naturtypar er dekka av kystlyngheier og desse er omtale i kapitelet ovanfor fordi det er ein utvald naturtype jf. naturmangfaldlova. Andre naturtypar som så langt er registrert her er samanstilt i Figur 3-7. Naturbeitemark finst det og ein del av i kommunen, men betydeleg færre enn kystlynghei. Andre naturtypar som er verdt å merke seg er semi-naturlege strandengar som er sterkt trua (EN) i Noreg, hole eiker som utvald naturtype jf. naturmangfaldlova, og fleire edellauvskogar.

Det må nemnast at ein gruppe av naturtypar som berre delvis fangast opp av naturtypekartlegginga er myr. I Figur 4-35 er det lista opp seks myrtypar, men det er og viktig å minne om at kystlyngheiane her ofte har små og spreidde areal meir myr.

Når det vert rekna på areal for dei ulike naturtypane ser ein tydeleg at kystlynghei dekker det meste av naturtypane i kommunen, hele 97,8 % (143030076,77 kvadratmeter). Naturtypen som dekkjer nest mest areal er naturbeitemark med 1,48 % (2166075 kvadratmeter). Dei andre naturtypane registrert i Øygarden dekkjer samla det resterande arealet, og er vist i Figur 4-35.

Øygarden kommune er i 2023 kartlagt for naturtypar etter Miljødirektoratets instruks, noko som gjer at kjeldegrunnlaget er godt. Detaljar om kartleggingane er tilgjengelege i Økologisk grunnkart for Noreg. For å sjå kva for område som ikkje er kartlagt kan ein slå på

laget «dekningskart». Ein ser då at det i hovudsak er Toftarøyna og øyane vest i kommunen som ikkje er kartlagd.



Figur 4-35. Oversikt og registrerte, terrestriske naturtypar og tal lokalitetar for kvar type (tal i prosent), med unntak av kystlynghei og naturbeitemark som er på høvesvis 97,8 % og 1,48 %.

4.4.4. Artar og økologiske funksjonsområde

I følgje naturmangfoldloven er eit økologisk funksjonsområde eit «område - med avgrensning som kan endre seg over tid -som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parrings-område, trekkveg, yngleområde, overvintringsområde og leveområde».

Kunnskapsgrunnlaget om artar og økologiske funksjonsområde på land finst for det meste i viltrapportane frå tidlegare Sund kommune (Bjørkvoll mfl. 2006), Fjell kommune (Bjørkevoll mfl. 2005) og Øygarden kommune (Byrkjeland 2000). Konklusjonane her var at det var høvesvis to og eit område som blei rekna som svært viktig viltområde, og høvesvis sju og elleve som blei rekna som viktige viltområde. Dei fleste av desse er sjøfuglområde lokalisert til dei vestlege delane. I begge rapportane blei det og vurdert at kommunane her har eit særlig forvaltningsansvar når det gjeld sjøfugl. På bakgrunn av dette, og at sjøfugl ofte er store og lett synlege, er desse viltområde vurdert som viktige for landskapsopplevelingen. Det same gjeld økologiske funksjonsområde i ferskvatn, men desse har berre nokre få førekommstar i kommunen. Det må og nemnast at landskapet i Øygarden kommune er viktig for hubro som er ein sterkt trua (EN) art i Noreg, men opplysningene om arten i kommunen her er unntatt offentlegheit og er berre tilgjengeleg hos Statsforvaltaren. Trekkvegar for vilt er omtale i neste kapittel.

4.4.5. Landskapsøkologiske funksjonsområde

Til denne kategorien hører til dømes vilt- og fugletrekk og område med viktig funksjon som samanbinding av funksjonsområde for artar. Dei viktigaste kjeldene til informasjon om dette er viltkartleggingane frå Sund kommune (Bjørkvoll mfl. 2006) Fjell kommune (Bjørkevoll mfl. 2005) og Øygarden (Byrkjeland 2000). Det vintermilde klimaet er og viktig for hjort fordi den da ikkje er avhengig av særskilde beiteområde på vinteren. Difor er det ikkje merka av slike område i viltrapportane for Øygarden. Her er og kjent ein del trekkvegar for hjortevilt. I viltrapporten for til dømes Fjell kommune er det nemnd at fleire trekkruter for hjorten står i fare for å bli stengde på grunn av utbygging. Sidan granskingsane om hjortevilt er om lag 20 år gamle, og at det har skjedd ein del arealendringar her sidan den gong, bør status for vilttrekk oppdaterast.

4.4.6. Geologisk mangfold

Denne kategorien er delt i geotoper og geologisk arv (geosteder). Ein geotop er eit objekt som svarar til dei raudlista landformane vurdert hos Artsdatabanken (Erikstad mfl. 2018). Landform er ifølge Halvorsen mfl. (2016) definert som «*mer eller mindre distinkt terrengform (overflateform på land eller utforming av bunnen i saltvanns- eller ferskvannssystemer) som kan gis en felles karakteristikk på grunnlag av egenskaper som ofte er forårsaket av én enkelt eller en kombinasjon av distinkte landformdannende (geomorfologiske) prosesser*». For å finne slike område må det utførast eige feltarbeid og

ingen slike områder er så langt vi kjenner til registrert i offentlege kartinnsyn. Område med geologisk arv (geotopar) er derimot kjende frå Øygarden kommune, og er avgrensa geologiske førekomstar som har verdi for vitskap, undervising og opplevingar. Eit slikt område viser ein del av vår geologiske arv.

4.5. Kulturhistoria i Øygarden

Landskapet inneheld forteljingar frå ei tid som er forbi, men som er uløyseleg knytte til notida - og framtida. Forteljingane ligg i spora i landskapet. Det å kjenna seg knytt til eit særleg landskap med sine kulturuttrykk kan vera ein del av ei samansett og mangetydig kjensle. Det handlar om å høyra til, å vera til, å gå inn i ein samanheng, å ha ei historie som har noko å seia for kven ein er no (Fjell kommune 2019). Dette er viktig for opplevinga av landskapet, det er viktig for menneska, og er derfor viktig for overordna arealplanlegging.

Kulturminne er definert som alle spor etter menneske i vårt fysiske miljø, i landskapet. Omgrepene omfattar også stader som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Også naturelement med kulturhistorisk verdi kan vera kulturminne, eller kan inngå som del av eitt. Kulturmiljø er ein del av bygda eller kommunen sitt kollektive minne. Ved rett forvalting og bruk fungerer dei som viktige miljø- og identitetsskapande element. Dei representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar. Dei kan ha noko å seia for identiteten, trivselen og sjølvforståinga til einskildmenneske, dei gir særpreg og eigenart til stader, og dei kan også vera ein ressurs for god samfunns- og næringsutvikling.

I alle dei tre tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden er det utarbeidd kulturminneplanar (Fjell kommune, 2019) (Øygarden kommune, 2019) (Sund kommune, 2017). Omsynsssonar for kulturminne / kulturmiljø viser viktige prioriteringar som er lagt til grunn i landskapsanalysen. Nasjonal database for kulturminner - Askeladden - er blitt nytta i arbeidet, men kjeldene er mangelfulle. Til dømes er mange grunnkrinsar ikkje registrert i SEFRAK-registeret (register over eldre bygg). Vi veit i Fjell manglar 8 gardar, i Sund 25, og i Øygarden 1 (pers med. Halvor Skurtveit aug. 2023). Når det gjeld automatisk freda kulturminne reknar ein med at berre om lag 10% av alle kulturminne er kjent. Dei resterande finst, men er ikkje påvist enno. På grunn av dette er det særskilt viktig at ein i vidare planlegging vurderer korleis nye tiltak vil påverke kulturminneverdiar.

Øygarden si kulturhistorie er skildra både i kulturminneplanar for dei tre tidlegare kommunane, og i bygdebøker, sjå kjeldelista. I arbeidet med landskapsanalysen har det vore viktig å få fram kva kulturminne og kulturmiljø som er sentrale for Øygarden si særeigne historie og identitet – og som påverkar opplevinga av landskapet slik det er i dag.

Fiskeri og sjøretta næringar har vore eit viktig næringsgrunnlag i kommunen, og nasjonal kulturminnadbæse (Askeladden) viser eit rikt tilfang av kulturminne. Relasjonen til sjøen er tydeleg, og fortel om kor viktig kombinasjonen fiske, fangst og jordbruk har vore. Øygarden er svært mange funn frå forhistorisk tid, særleg steinalder. Ein god del av desse er påviste i samband med olje- og gassinstallasjonar, Sotrasambandet og CCB på Kollsnes.

Frå krigen og fram til vår tid har Noreg opplevd sterk vekst på mest alle område av samfunnslivet. Samtidig har ein fått store sosiale og geografiske strukturendringar. Den store folkeauken etter andre verdskrig førte til stort behov for nye bustader. Omfattande bustadutbygging kan ein sjå mange stader i Bergensregionen. Rutebåtane er blitt fasa ut, og sterk vekst i bilparken har gjeve stor satsing på veg- og brubygging. Sotrabrua opna i 1971. Vegbygging og etablering av nye bustad-, næring- og industriområde har ført til at mykje av den stadeigne byggesikken i Øygarden har blitt meir viska ut. Eldre bygg i gardstun har måtte vika for moderne erstatningar, og bygningsmiljø har blitt endra. Likevel er det mykje av særpreget i Øygarden som er behalde.

Øygarden kommune si kulturhistoriske er særskilt rik og variert, men visse overordna forteljingar er viktigare for landskapsbiletet enn andre. Det som pregar opplevinga av det kulturhistoriske landskapet kan delast i fire tema:

- **Steinalderlandskapet** - vågar, straumar og fortidige strandlinjer
- **Torvmyrer, llynghøier og beitedyr** - tusenårig kulturlandskap, og del av eit ope kystlandskap frå Portugal til Vesterålen i Noreg.
- **Bygder og livnæring** - rikdomen i havet og fiskarbønder - hamn, skipslei, gjestgjevarstader og handel - industri og sentralisering - Oljealderen og utbygging av vegar og bruar
- **Okkupasjonsåra** - Fjell festning og andre tyske anlegg, fangeleirar - Nordsjøfart og brenninga av Telavåg

4.5.1. Steinalderlandskapet

Like etter istida sto havet opp til 30 meter høgare. Talet på øyar og holmar var mangedobra samanlikna med i dag, og mellom øyane var det sund og straumar; eit eldorado for fangst og fiske. Dette gav livsgrunnlag for dei første menneska som busette seg her i eldre steinalder (mellan ca.. 10 000 – 4000 år f.Kr.). Dei levde av jakt, sanking og fiske, og flytta ofte på seg.

I Askeladden er det kjent nær 600 buplassar i Øygarden som er datert til steinalderen. Svært mange av desse lokalitetane er påviste som følgje av dei store utbyggingane i kommunen, bl.a. industriutviklinga på Stura, Kollsnes, og Ågotnes, men også knytt til dei mange vegprosjekta, bl.a. Sotrasambandet.

Det gode fisket ved straumane gjorde at menneska i løpet av steinalderen byrja å halde seg lenger på ein og same staden. Dette gjer at ein ved straumane kan finna store buplassar med tjukke kulturlag og rike funn. I tillegg vart hellerar ofte nytta som oppholdsstad og bustad. Her kan bevaringstilhøva vera særskilt gode, og gjer at ein får kunnskap om kva dyr, fisk og fuglar som vart jakta på.

I siste del av steinalderen og i bronsealderen (ca. 2000-500 f.Kr) vart det stadig fleire som byrja å halda dyr og dyrke jorda. Med dette vart folk vart meir bufaste enn tidlegare.

På grunn av det opne landskapet og at talet på steinalderbuplassar er stort, er Øygarden ein kommune der det er mogleg oppleva steinalderen sitt landskap. Omfattande arkeologiske undersøkingar dei siste 50 åra gjer at ein har svært mykje kunnskap om korleis menneska levde i landskapet.



Figur 4-36. Kartet viser steinalderlokalitetar ved Bildøyna. Det er farga lyst blått opp til kote 10, og lyst grønt opp til kote 30. Dei påviste buplassane låg i den tids strandsone, ca.. 10 moh i dag. Holmavatnet var den gong ein straum mellom nordre og søndre del av Bildøyna.

4.5.2. Torvmyrer, lyncheier og beitedyr

Lynghelandskapet er truleg den eldste kulturmarkstypen vi har i Noreg. Som landskapstype er dette eit historisk dokument som viser korleis folk langs kysten har livberga seg gjennom fleire tusen år. Kombinasjonen jordbruk og fiske gav kystbøndene et rikt ressursgrunnlag. Lynghelandskapet i Noreg strekkjer seg frå Lofoten i nord til Lindesnes i sør. Vestlandet er hovudområde for det norske lynghelandskapet.

Det var i jernalderen (500 f.Kr - 1000 e.Kr), og særleg frå år 0 og utover at hovudekspansjonen til kystlynghieiene skjedde. Undersøkingar har vist at avskoginga var menneskeskapt og intensjonell (Miljødirektoratet 2013). Lynghelandskapet blei forma av heiltårsbeitande dyr der den viktigaste beiteplanten i vinterhalvåret var røsslyng. Lynghieiene i Øygarden er del av eit større område på Vestlandet der kunnskap om dei tradisjonelle driftsmåtane av kystlynghieiene har halde seg sterkest og lengst over tid. Her har lyngbrenning og heilårsbeite ikkje vore uvanleg fram til vår tid (Miljødirektoratet 2013).

Skjøtsel og bruk av lyncheier gjekk ut på å svi av lyncheiene og myrene i utmarka med jamne mellomrom, slik at vekstane ikkje skulle bli for høge og dermed mindre attraktive som beitefôr. Etter brenning spirte lyngen på nytt. Lyngspirene var godt fôr for dyra gjennom heile året. Lyngplanta tek ikkje skade av denne brenninga, og brannen er heller ein fordel både for frøa og lyngplanta. Alle dei relativt små og store myrene er skapte gjennom tusenvis av år av halvvegs nedbrotne (døde) tre og planterestar. Slik ufullstendig nedbrote plantemateriale vert kalla torv (Fjell kommune 2019). Myrene har vore nytta til beite og til bør for gras- og lyngproduksjon. Gjennom alle åra med fast busetnad, heilt fram til 1950-talet, har menneske



Figur 4-37. Dyr på beite. Foto: Karen Holst, Asplan Viak AS

spadd opp mengder av torv i utmarksmyrene, og nytta den til brensel og strø under dyra når dei var inne. Bruken av torva har gitt preg på landskapet.

Svært mange stader er kystlyngheiene i ferd med å gro igjen. Det skuldast endringar i jordbruket (oppheyr av beiting og brenning), men også skogplanting. På 1950-talet byrja ein å planta sitkagran, og denne er blitt stor og dominerande fleire stader. Grana toler vind og salt, og spreier seg no med sjølvfrøing.

På dei størsteøyane vart det tidleg etablert gardsbruk i bronsealder og jernalder. Bruka fekk etter kvart børar til grasproduksjon og åkrar på innmarka. Omkringliggjande utmarksareal vart brukte til blant anna beite, lyproduksjon og torvtaking. Bustadhus, uthus, løer og florar vart bygde rundt eit felles tun; ein 'gard' ein stad på innmarka. Fram til 1890-talet dominerte teigbruk og klyngetun kulturlandskapet. Andre hus, med ulike funksjonar, som torvhus (moldhus), skjeneflorar, høyløer, hønsehus m.m., vart sette opp der det høvde, både på innmark og utmark (Fjell kommune 2019). Grensene mellom gardane følgde naturlege skilje i landskapet. Dei fleste steingardane i Øygarden stammar frå tida etter at utskiftingane begynte i 1860-åra (Fyllingsnes 2023)

Den gamle teigblandinga på gardane vart etter kvart eit hinder for god drift. Dette førte til at det sentrale Utskiftingsvesenet vart oppretta i 1859 for å leie arbeidet med å skape eit meir effektivt jordbruk. Dei gamle klyngetuna skulle splittast opp ved at brukarane flytta husa til sin nye teig. Den første reelle utskiftinga i Øygarden som inkluderte heile innmarka på ein gard, gjekk føre seg på Nordre Sæle i 1860-åra (Fyllingsnes 2023)

Lypheier og torvmyrer har dominert landskapsbiletet historisk, og gir framleis eit særpreg i kommunen.

4.5.3. Bygder og livnæring


Øygarden har mange tradisjonsrike bygder og lokalsamfunn som har utgangspunkt i premiss som landskapet har gitt: nærliek til sjø, god hamn, dyrkbar jord og noko livd frå vind og vêr. Sjølv om SEFRÅK-registeret i Øygarden ikkje er komplett, ser ein tydeleg dei historiske senterdanningane i kartet.

I århundra etter mellomalder var sal av fisk og landbruksprodukt til byfolk ei viktig inntektskjelde. Jordbruksvarer, fisk og sild blei rodd/segla til byen. På 16- og 1700-talet

vaks det fram handels- og gjestgjevarstader svært mange stader i Øygarden, noko som gjorde at fiskarane ikkje trong å reise til Bergen sjølve, og kunne skaffe seg proviant lokalt. Med skipsfarten langs kysten var det behov for overnatting og gjestgjevarstadene var viktige. Naustmiljøa (stører) er viktige i Øygarden sitt landskap. Dei store nausta gav først og fremst plass til båtar og båtutstyr. Mange stader hadde ein mindre sjøbuer der det ein kunne lagra utstyr. I støene kunne det òg vera torvhus og fjærremannshus eller bygg som hadde fleire funksjonar. Framfor dei store nausta var det ofte båtoppdrag (lunnar) og små bryggjer i naturstein.

Fangst med landnot gjekk føre seg i fellesskap, gjerne med eit notlag frå matrikkelgarden. Til denne verksemda var det vanleg å ha ei notbu, der nota kunne lagrast. Til vanleg nytta ein faste kastepllassar eller kastevågar. På dei faste kastepllassane laga ein ofte til murar, som fungerte som stengsel i sjøen som letta arbeidet når fangsten skulle stengjast med nota (Fjell kommune 2019).

Den første industrialiseringa var knytt til vasskraft og kornmøller, men utvikla seg raskt i nye retningar. Industriereising skjedde i heile Øygarden, bl.a. på Kolltveit (mølle, hermetikk), Midtmarka (vasskraft), Syltøyna (mekanisk verkstad, småindustri), Tyrnevika (fiskeri) Døscherholmen (trankokeri), for å nemna nokre få.



Figur 4-38. Utsnitt frå Askeladden som viser del av Øygarden frå Torsteinsvik i nord til Ågotnes i sør. Dei farga markeringane er eldre bygg i SEFRAK-registeret. Her ser ein tydeleg at dei historiske bygdene trer fram.



Figur 4-39. Blomstøa. Foto: Karen Holst, Asplan Viak

Omkring 1860 kom dei første lokale dampbåtrutene i gang, og dampskipskaiane blei viktige knutepunkt i bygdene. I Knarrvika fekk ein på 1900-talet ei storstilt industrisatsing, og det voks opp eit lite industrisamfunn.



Figur 4-40 Nautnes



Figur 4-41 Hjelmo

Tida frå 1900 til 1950 var prega av store samfunnsendringar. Ei rekke nye teknologiske nyvinningar som bilen, telefonen og elektrisitet kom i bruk. Straum kom seint til Øygarden. Tidlegare Fjell kommune fekk elektrisitet i 1916 ved etableringa av den kommunale kraftstasjonen i Skålsvika 1916 (Fjell kommune 2019). Frå 1950 og utover vart det så å seia heilt slutt på den tradisjonelle fiskarbondeøkonomien, der sjøbruk og landbruk hadde gått hand i hand. Jord- og åkerbruk i kombinasjon med fiske var meir eller mindre over og avvikla. Torvtakinga tok slutt kring 1950-talet. Samstundes forsvann samspelet med og bruken av naturen på måtar som hadde kontinuitet til langt attende i tida (Fjell kommune 2019).

Funn av olje og gass i Nordsjøen i 1969 ga store endringar for Øygarden. Utbygging for islandføring og vidareforedling bl.a. på Ågotnes, Kollsnes og Stura ga mange arbeidsplassar som er, og har vore, viktige – ikkje berre for kommunen, men Bergensregionen og Vestlandet. Sotrabrua opna for trafikk i 1971- noko som var avgjerande for den vidare utviklinga. Underleverandørar til oljeindustrien etablerte seg raskt i kommunen, blant anna på Ågotnes (CCB). Folketalet auka mykje, og var grunnlag for større bustadfelt og andre måtar å bygge i landskapet på.

I 1978 vart Sartor Storsenter opna, med det mål å demma opp for handelslekkasjen til Bergen. Kjøpesenteret har også trekt til seg annan næringsverksemd, og dermed skapt eit

nytt tyngdepunkt i kommunen. For tidlegare Fjell kommune førte dette at kommuneadministrasjonen på 1980-talet vart flytta frå Fjell gard til Straume (Fjell kommune 2019).

Øygarden sine mange bygder er små og store sentrumsdanningar er danna ut frå gode hamner og god jord, skjerma tilhøve frå vind og vêr, kyrkje- og skulevesen, industrireising, handel og kommunikasjon. Det nye næringsgrunnlaget og bilismen sitt inntog har ført til press på areal og auka utbygging. Dette har ein del stader ført til fragmentering av det opphavelege heilskaplege miljøet. Nye måtar å bygge på, og med større volum enn før, kan bryta med den historiske bygningsmassen. Samtidig er det svært mange stader framleis mogleg å oppleva dei historiske linjene i bygdene, og samanhengar er i hovudtrekk bevarte. Dette betyr noko for opplevinga av landskapet i kommunen.




Figur 4-42. Frå Glesvær i Sund.

4.5.4. Okkupasjonsåra

Etter innovasjonen av Noreg i 1940 gjekk den tyske okkupasjonsmakta i gang med ei storstilt utbygging av forsvarsanlegg, flyplassar, forlegningar og flåte/u-båtbasar over heile landet. Heile norskekysten vart ein del av Atlanterhavsmuren - ei tungt befesta forsvarsline som strakk seg langs Europa sin vestkyst, frå Frankrike til Finland. Norskekysten var lett tilgjengeleg for allierte fly og sjøstridskrefter, og var svært utsatt for angrep frå vest. Landskapet var også utfordrande for tyskarane: her var det mange fjordar, ein uoversiktig skjergard, og utfordrande geografi å forsvara. Dette gjorde at den tyske okkupasjonsmakta måtte gjere ei stor utbygging av fleire ulike typar forsvarsanlegg. I dag ser vi dette som krigsminne i betong og stein, gjerne som tufter etter bygningar, vegar og diverse anlegg (Sperbund og Sedal 2007)

Nord i Øygarden er det få tyske anlegg. I 1941 vart Herdla bomba og to britisk fly styrta i Instetjørna ved Stura. Vraka skal framleis ligge i tjørna. Ved Fjell, Bildøyna og Straume rekvirerte tyskarane sivile bustader i 1942, og dei la beslag på om lag 750 delar god beitemark på «Fjedlafjedlet». Her bygde dei eit stort fort - «Donner Felix». Det vart elles bygd bl.a. kaiar, støttepunkt, radaranlegg, peilestasjonar, flymeldepostar, fort og batteri ved Knarrvika, Bildøybakken, Tellnes, Møvik, Nese, Steinsland, Buarøyna, Lerøyna, Telavåg og Hummelsund (Sperbund og Sedal 2007).



Figur 4-43. Kartet viser objekt i nasjonal database for kulturminner kategorisert som "okkupasjon". Asplan Viak AS

Tidleg i krigsåra vart det starta illegal trafikk frå bl.a. Hernar og Telavåg, til Shetland som var fritt. Flyktingar vart frakta ut, og på tilbaketurten til Noreg kom agentar, våpen og utstyr. Tyskarane vart kjend med aktiviteten i Telavåg i 1942. Dette førte til ein aksjon som fekk store konsekvensar for bygda. Terbhoven var til stades då alle bygninga i Telavåg vart sprengde, alle båtar senka og alle dyr vart ført vekk. Menn vart sendt til Sachsenhausen, og kvinner og barn vart internert. Telavåg sin lagnad var meint å ha avskreckande effekt på nordmenn.

Det var ein intensjon for tyskarane at Telavåg aldri igjen skulle vere busett. Etter krigen var det derfor særskilt viktig for Norge at Telavåg skulle gjenoppstå. Det vart dannar ein komité, leia av Statens distriktsarkitekt Hans Wichmann Rohde. Det vart teikna og bygd over 70 bustadhus og 40 løer og nær 50 sjøhus i Telavåg. Arbeidet med gjenoppbygginga var ferdig i 1949 (Wikipedia).

Krigsåra har satt spor i Øygarden sitt landskap. Dette er ikkje kulturhistorie som pregar landskapsbildet i kommunen, men dei spora som finst er svært viktige både nasjonalt og internasjonalt, og har ein klar samanheng til landskapet.




Figur 4-44. Bunker på Buarøyna. Foto: Linda Telle, privat.

5. Funn frå analysen

Sjølv om Øygarden ligg som eit langstrakt øylandskap langs kysten av Vestlandet, har kommunen store variasjonar.

- Øylandskapet mot havet skil seg frå det rolegare fjordlandskapet langs austsida.
- Innlandslandskapet med bølgande lynghei skil seg frå kyst og fjord landskapet
- Sørenden med større landmasse, gardbruk og edellauvskog skil seg frå nordenden med små grender og lågt terreng som gjer himmelen vidare.
- Det tett utbygde Straume og dei store næringsareala på Ågotnes skil seg frå dei små grendene som Glesvær og Hellesøyna
- Landskapet kan brått endre seg frå stor skala, oppå ein topp eller flate, til liten skala nede i dei småkuperte formane.
- Utbygginga i nyare tid er størst mellom Knarrvika og Ågotnes, men har spreidd seg vidare og. Etablering av vegforbindelse heilt sør og heilt nord har lagt til rette for utbygging i heile øygruppa
- Under desse overordna trekka finst ein rikhaldig mosaikk av samansette små landskapsområde med sitt eige preg.



Det er eit klart inntrykk at dei som bur i Øygarden meiner at dei bur i eit vakkert og verdifullt landskap. Lokalidentiteten, gjerne til si eiga bygd, står sterkt.



Figur 5-1 Solsvika, malt av Amaldus Nielsen. Kjelde: Grind.no

I eldre tid var sambandet mellom gamle Øygarden kommune og Nordhordland over Hjeltefjorden sterkare enn sambandet sørover til dei andre øyane. Det har og vore stor skilnad på livet på vestsida av Øygarden samanlikna med livet på austsida, der sjøen var mildare.

På 1700- og 1800-talet reiste folk til Bergen kvar veke for å selja fisk (Fjell kommune 2019). Men trass i tett økonomisk kontakt, var avstanden stor på det kulturelle og sosiale området. Ein del av forklaringa ligg i det skarpe skiljet mellom byfolk og stril. Stril var historisk sett ei nedsettande nemning på folk som budde i Bergen sitt omland (Wikipedia). Dette er i våre dagar i ferd med å bli definert på nytt, og er no i langt større grad ein identitetsbærar.

Tradisjonelt har landskapet vore opplevd som at øyane låg som «perler på ei snor», med sjø på alle kantar. Kvar øy danna ein heilskap. Etter at bruene og nye vegar kom, kan ein reise mellom alle øyane i ei samanhengande linje utan å reflektera over at ein kryssar alle sunda, og særpreget ved kvar øy vert meir viska ut. Det gjev ei anna landskapsoppleveling enn om ein må ferdast i landskapet i båt. Den raske utviklinga særleg dei siste 100 åra har bidratt til at mange små og mellomstore nye inngrep har brote opp samanhengane og særpreget i det tradisjonelle landskapet og gjort det mindre lesbart.



Figur 5-2 Det historisk opplevde landskapet: øylene i Øygarden: «perler på ei snor» der sunda er mellomrom.




Figur 5-3 Rongesundet bru, frå 1986. Bruene bind saman Øygarden og skapar samanheng – bokstavleg talt.

5.1. Inndeling og verdisetting

På bakgrunn av skrivebordsstudie, synfaring og dei overordna analysane er landskapet i Øygarden delt inn i delområde etter landskapskarakter. Landskapskarakter er eit konsentrert uttrykk for samspelet mellom naturgrunnlaget, arealbruken, historisk og kulturelt innhald, romlege og andre forhold som kan oppfattast og som gir området eit særpreg som skil det frå landskapet omkring.

Samla er kommunen delt inn i 45 område som er analysert og verdivurdert gjennom utfylling av analyseskjema der forhold i landskapet som er avdekka gjennom analysen er skildra. Dette ligg som eige vedlegg: *vurderingstabellar Landskapsanalyse Øygarden*. Nokre delområde er tidlegare kartlagt/analyserert av Aurland Naturverkstad. Desse inngår i delområda som no er identifisert, men grenser og verdiar er justert.



Figur 5-4. Verdikart.

Delområda er verdisette slik:

Nr og namn	Samla verdivurdering	Verdi
1 Nordøyna, Hernar og Lyngøyna	Landskapet i delområdet er mangfaldig og har eit markant preg av element frå både natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Det er unikt, intakt og særprega. Der er tydelege samanhengar mellom element og historiske spor som er viktige i nasjonal samanheng. Delområdet har god lesbarheit, logiske samanhengar og et unikt visuelt totalinntrykk.	Svært stor verdi
2 Hellesøyna Herdlevær	Delområdet inngår i stort, samanhengande naturområde av regional skala. Karakteristiske landskapselement som havet, dei lave øyane og tradisjonell busetnad set tydeleg preg på landskapet. Det finst innslag av inngrep og busetnad som forstyrrar særpreget, men landskapet står jamvel fram med lesbare samanhengar og gjev eit godt totalinntrykk.	Stor verdi
3 Skogsøyna Ono	Få inngrep, stort samanhengande naturlandskap i regional skala, karakteristiske landskapselement med element frå natur og kultur. Få negative brot og kontraster. Godt totalinntrykk.	Stor verdi
4 Turøyna Dyrøyna	Få inngrep, stort samanhengande naturlandskap i regional skala, mykje brukt til fritid, særprega og med få og ikkje dominerande brot og kontraster	Stor verdi
5 Kunta Djupålsøyna	Naturprega med sprett busetting og infrastruktur. Landskapstypen har stor betydning for landskapskarakteren. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
6 Løno Hissøyyna	Delområdet har få inngrep, og er ei karakteristisk landskapstype med typiske landskapselement som sett sitt preg på landskapet. Det har sær preg og få negative brot. Samanhengen mellom historiske spor er viktige i regional samanheng. Landskapet er prega av bevisst formgjeving, med lesbare samanhengar og eit godt totalinntrykk.	Stor verdi
7 Kallestadvika Langøyvågen	Samanhengande naturområde i lokal skala, naturprega med sprett busetting og infrastruktur. Landskapstypen har stor tyding for landskapskarakteren. Landskapet er mangfaldig og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Landskapet er balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
8 Nipa Storhaugen	Delområdet inngår i eit større samanhengande naturområde av regional skala. Her er få inngrep, og landskapselementa sette tydeleg preg på landskapet. Det er få og ikkje dominerande negative brot og kontraster, og delområdet gjev eit godt heilskapleg inntrykk.	Stor verdi
9 Telavåg Glesvær	Delområdet er svært mangfaldig, med eit unikt og markant preg av element frå både natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særleg lynghei i god hevd og historia om Nordsjøfarten og Telavåg gjer dette delområdet unikt også i nasjonal samanheng. Delområdet har unike og intakte særprega landskap. Det er tydelege samanhengar mellom element og historiske spor som er viktige i	Svært stor verdi

Nr og namn	Samla verdivurdering	Verdi
	nasjonal og til dels internasjonal samanheng. Dei historiske spora er viktige i nasjonal samanheng og internasjonal samanheng.	
10 Toftarøyna Teksto	Karakteristisk landskapstype der kontrasten mellom storfjord og frodig småbrukslandskap er landskapselement som setter tydeleg preg på landskapet. Landskapet er svært mangfoldig med eit markant preg av element frå både natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Småbrukslandskapet i havgapet er eit særprega landskap med få, ikkje dominerande negative brot og/ eller kontraster. Det har samanheng mellom element og historiske spor som er viktige i regional samanheng. Landskapet bærer preg av medviten formgjeving, farge og materialbruk, lesbare samanhengar og godt totalinntrykk.	Stor verdi
11 Kårvika Austefjorden	Delområdet har naturpreg, men overvekt av menneskeleg aktivitet. Landskapstypen er karakteristisk og setter tydeleg preg på landskapet. Landskapet er mangfoldig, og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, kultur og landbruk. Det er få negative og dominerande brot eller kontraster i landskapet, derimot samanhengar og spor som er viktige i lokal samanheng. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
12 Kleppe Forland	Naturprega landskap med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og infrastruktur. Landskapselementa har stor tyding for landskapskarakteren, og varierer mellom strandlinje, jordbruk og bustadfelt, samt utmark mot fjellet. Det har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særpreget har innslag av bustadfelt og båthamner som forstyrrar særpreget, men står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
13 Høyland Børnes	Landskapet er naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting, infrastruktur og andre element som forstyrrar særpreget. Naturlandskapet har variasjon og fleire landskapstypar. Landskapselementa har stor tyding for landskapskarakteren. Samanhengane mellom landskapselementa er viktige i lokal samanheng. Delområdet er ein del av «kvardagslandskapet». Terrengforma har strukturerande verknad på fordeling av landskapselementa, men innafor denne strukturen er landskapet ubalansert og mindre strukturert.	Noko verdi
14 Lerøyna Bjelkarøyna	Samanhengande naturområde i lokal skala, med sprett busetnad og infrastruktur. Naturlandskapet har noko variasjon og fleire landskapstypar. Samansetninga av element frå natur, fritidsbruk, kultur og landbruk gjev landskapet tydeleg preg, men verdi vert redusert pga. tilgroing og brot i gammal gardsstruktur. Samanhengen mellom dei lune hamnene, bustader og næringslivet som har oppstått i tilknyting til dette, er viktig i regional samanheng.	Middels verdi
15 Klokkarvik	Stort samanhengende naturlandskap i regional skala. Karakteristisk landskapstype sett tydeleg preg på landskapet. Særprega landskap med få negative brot og kontraster. Landskapet er prega av lesbare samanhengar og gjev eit godt totalinntrykk.	Stor verdi

Nr og namn	Samla verdivurdering	Verdi
16 Sund-skogen	For kommunen er det her eit nokså uvanleg stort og samanhengande skogsområde som ligger skjerma og som inneholder fleire raudlista skogstypar. Her er stor naturvariasjon over korte avstandar. Karakteristiske landskapselement sett tydeleg preg på landskapet.	Middels verdi
17 Veten	Naturområdet har få inngrep, og er eit stort og samanhengande naturområde i kystfjella i regional skala. Den karakteristiske terrengforma sett stort preg på landskapet. Masta på toppen er godt synleg, men har liten betydning for den heilskaplege vurderinga.	Stor verdi
18 Skogsvåg Tellnes Haganes	Naturprega delområde med spreidd busetting og infrastruktur. Landskapselement har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk, busetting og element som forstyrrar særpreget. Landskap med samanhengar mellom element eler historiske spor som er viktig i regional samanheng.	Middels verdi
19 Liatårnet	Delområdet er et stort samanhengende naturområde med få inngrep målt i ein regional skala. Teringforma er distinkt og setter tydeleg preg på landskapet. Den er synleg og gjenkjennbar frå lang avstand. Det er få negative brot i landskapet, og krigsminna er historiske spor som er viktige i nasjonal samanheng.	Stor verdi
20 Bjørøyna Tyssøyna	Naturprega landskap med spreidd busetting og infrastruktur. Landskapstypen med plasseringa i farleia har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk, busetting og element som forstyrrar særpreget. Landskapet har likevel gode samanhengar mellom element og historiske spor som er viktig i regional samanheng.	Middels verdi
21 Ekrhovda Li	Naturlandskap med nokre inngrep, spreidd busetting og infrastruktur. Terrengforma og plassering langs farleia påverkar landskapskarakteren særleg. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk, busetting og element som forstyrrar særpreget.	Middels verdi
22 Ebbesvika	Samanhengande naturområde i lokal skala, med spreidd busetting og infrastruktur. Landskap som er mangfoldig og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Framstår som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
23 Brattholmen Arefjord-pollen	Naturprega men med overvekt av menneskeleg aktivitet. Naturlandskap med lite variasjon. Landskapselement som er synleg men utan spesiell tyding for landskapet. Vanleg førekommende landskap med noko særpreg. Områder med tyding for ein mindre gruppe, «kvardagslandskapet». Landskapet er ubalansert, til dels uoversiktleg, mindre strukturer og har svake samanhengar i utforming.	Noko verdi
24 Hjelteryggen Knarrvika	Vanlig førekommende landskap med noko særpreg. Ein del av kvardagslandskapet til dei som bur i området. Naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og aktivitet.	Noko verdi

Nr og namn	Samla verdivurdering	Verdi
25 Vågo Foldnes	Nokre inngrep, samanhengande naturområde i lokal skala. Naturlandskap med noko variasjon og fleire landskapstypar. Landskap som er mangfaldig og har eit tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, som arealbruk busetnad og element som forstyrrar særpreget. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
26 Straume Bildøyna Kolltveit	Naturprega men med overvekt av menneskeleg aktivitet. Vanleg førekommende landskap med noko særpreg. Landskap med samanhengar mellom element eller historiske spor som er viktige i lokal samanheng. Områder med tyding for ein mindre gruppe «kvardagslandskapet».	Noko verdi
27 Fjell	Samanhengande naturområde i lokal skala. Naturprega med spreidd busetnad og infrastruktur. Landskapselement har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av arealbruk, busetnad og element som forstyrrar særpreget. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
28 Fossvatnet Kolafjellet	Kontrastrikt men lukka område, frå skogkledd dal og åssider langs Kolafjellet og Fossvatnet, til fjell og heilandskapet med karakteristiske skråstilte dalgangar, som vider seg ut mot Fjellspollen. Fleire vatn i området. Fjellsvatnet, med meanderande elv, skil seg ut som karakteristisk landskapselement. Hovudvegen (Rv555) til Sund går gjennom området.	Stor verdi
29 Hammars-land Skogsskiftet	Samanhengande naturområde i lokal skala, naturprega med sprett busetnad og infrastruktur. Naturlandskapet har lite variasjon, med landskapselement som har lite tyding for landskapet. Landskapet har lite variasjon, lite innslag av natur og kulturverdiar, og er vanlig førekommande med noko særpreg. Det utgjer «kvardagslandskapet» for dei som bur der og passerer gjennom, og har svake samanhengar i utforminga.	Noko verdi
30 Storavatnet Kørelen	Delområdet er eit stort og samanhengande naturlandskap som inngår i eit større naturlandskap med regional skala. Landskapstypen er karakteristisk og berget, ferskvatna og lynghøia sett tydeleg preg på landskapet. Her er få negative brot og kontraster, og gjev eit godt totalinntrykk.	Stor verdi
31 Fjellspollen Trengereid-pollen	Samanhengande naturområde i lokal skala med spreidd busetting og infrastruktur. Terrengforma er det landskapselementet som har størst tyding for landskapskarakteren. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
32 Ulveset	Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk, busetnad og element som forstyrrar særpreget. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert.	Middels verdi
33 Midtmarka	Stort og samanhengande naturlandskap som inngår som del av eit regionalt naturlandskap. Få inngrep, særprega og med få negative brot og kontrastar	Stor verdi

Nr og namn	Samla verdivurdering	Verdi
34 Morland	Samanhengande naturområde i lokal skala med nokre inngrep. Naturprega med spreidd busetnad og infrastruktur. Naturlandskap med noko naturvariasjon og fleire landskapstypar . Landskapstype som har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap som har fleire innslag av arealbruk og andre element som forstyrrar særpreget. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktleg og strukturerert.	Middels verdi
35 Fjæreid-pollen	Samanhengande naturområde i lokal skala, med nokre inngrep. Sprett busetnad og infrastruktur. Terregnforma betyr mykje for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep, arealbruk og busetnad som forstyrrar særpreget. Landskapet framstår balansert, oversiktleg og strukturerert.	Middels verdi
36 Knapp-skog	Naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og infrastruktur. Landskapstype som er synleg, men utan spesiell tyding for landskapskarakteren. Vanleg førekommande landskap med noko sær preg. Landskap med samanhengar som er viktige berre i lokal samanheng. Landskapet er ubalansert, til dels uoversiktleg, mindre strukturerert og med svekket samanhengar i utforming.	Noko verdi
37 Kårtveit Eide	Samanhengande naturområde i lokal skala, noko inngrep. Delområdet har landskapselement som har stor tyding for landskapskarakteren. Særprega landskap med fleire innslag av inngrep og arealbruk som forstyrrar særpreget. Landskapet framstår balansert, oversiktleg og strukturerert.	Middels verdi
38 Angeltveit	Naturprega, men med overvekt av menneskeleg aktivitet, busetting og infrastruktur. Landskapstype som er synleg, men utan særskilt tyding for landskapskarakteren. Vanleg forekomande landskap med noko sær preg. Landskap med samanhengar mellom elementer eller historiske spor som er viktige i lokal sammanheng. Området har tyding for ein mindre gruppe, «kvardagslandskapet».	Noko verdi
39 Vindenes Ågotnes	Ytterkanten av delområdet har naturpreg, men det store næringsområdet har ei tydeleg overvekt. Det eksisterande naturlandskapet har lite variasjon, og landskapstypen har lite tyding for landskapskarakteren. Landskapet er ubalansert, til dels uoversiktleg, mindre strukturerert og har svare samanhengar i utforming.	Noko verdi
40 Misje Sollsvika Landro	Landskapstypen og -elementa har stor tyding for landskapskarakteren. Landskapet er mangfaldig og har et tydeleg preg av fleire element frå natur, friluftsliv, kultur og landbruk. Særprega landskap med fleire innslag av arealbruk og busetting som forstyrrar særpreget. Landskapet står fram som balansert, lesbart, oversiktleg og strukturerert.	Middels verdi
41 Vindenes	Få inngrep. Særprega landskap med få, ikkje dominante, negative brot eller kontrastar. Landskap med samanhengar mellom element og historiske spor som er viktig i regional og nasjonal samanheng. Området har regional og nasjonal betydning, god lesbarheit og gjev eit godt totalinntrykk.	Stor verdi

Nr og namn	Samla verdivurdering	Verdi
42 Rongøyna Toftøyna	Naturprega landskap med overvekt av menneskeleg aktivitet. Vanleg førekommende landskap med noko sær preg. Mindre strukturert og svake samanhengar i utforming.	Noko verdi
43 One Sæle	Landskapet i delområdet vert vurdert som et naturprega område med sprett busetnad og infrastruktur. Det har naturvariasjon og fleire landskapstypar. Terrengform, vegetasjon og arealbruk er landskapselement som har stor tyding for landskapsverdien. Landskapet fremstår balansert, lesbart og strukturert, men har nokre innslag som forstyrrear særpreget.	Middels verdi
44 Stura Tjeldstø	Naturprega landskap men med overvekt av menneskeleg aktivitet og infrastruktur, fråvær av omsorg for landskapet. Særprega terrengform og velhalden lysthei skil seg ut som verdifullt naturlandskap, men den tydelege fragmenteringa elles svekker dette.	Noko verdi
45 Førejhelmo Seløyna Hopøyna	Nokre inngrep, samanhengande naturområde i lokal skala. Naturprega med sprett busetting og infrastruktur. Særprega landskap der gjengroing av lysthei forstyrrear særpreget. Landskapet framstår balansert, lesbart, oversiktleg og strukturert, lokal betydning. Gjennomførte tiltak i utmark og interesse frå lokale bønder til å ta opp at meir skjøtsel kan på sikt føre til høgare verdi for delområdet.	Middels verdi

5.2. Skala og kapasitet

Det låge terrenget i Øygarden gjer at både Liatånet med sine 350 moh og Veten framstår som eit stort fjellområde. Dei er synleg frå mange plassar i kommunen, og når ein er på desse toppane ser ein langt av garde. Dei er jamvel ikkje større enn at menneskeskapte konstruksjonar som kraftliner og store bygningsvolum kan få desse fjella til å sjå små ut.

Det låge terrenget gjer at landskapet er sårbart for inngrep ved at om noko byggast på ein høgde kan det bli synleg langt av garde, og endre opplevinga av landskapet - særleg langs vestsida. Det å bryte horisontlinia med nye bygg, som ein gjerne gjer for at nybygg skal få utsikt, gjer at landskapet kan virke mindre, horisontar kan kome nærmare, og landskapet mister sitt sær preg. Verdien av eldre kulturmiljø kan reduserast ved at den til nå

intakte omgjevnaden deira vert broten. Til samanlikning er Kollsnesanlegget svært godt plassert, slik at ein knappast kan oppleve det frå land.



Figur 5-5 Ny bustadbygging ved Stemmegarden bryt horisonten, og er synleg frå delområdet ved Fjellspollen/Trengereit



Figur 5-6 Kraftliner ved Kollsnes, men industrianlegget er lite synleg

Kystlina langs austsida særleg i dei sørlege områda har større kapasitet og er mindre sårbar for store terrengeinngrep.

- Overgangsøna mot sjøen er enklare og meir definert enn på vestsida, og
- Terrenget er oftast enkel og oversiktleg
- Terrenget litt lenger inn på land, mot vest, når fort ein god høgd som skil austsida frå vestsida
- Landskapet austanfor fjorden, i Askøy - og Bergen kommune, har tilsvarende skala og er nokolunde tilsvarende utbygd



Figur 5-7 Kommunesenteret på Rong er utbygd med stor gjestehamn og store bygningsvolum, men landskapet har kapasitet til å famna dette



Figur 5-8 Industri på Ågotnes, landskapet har kapasitet til å fanne store terrengeinngrep og bygninger



Figur 5-9 Utsikt mot Hanøytangen på Askøy, og Byfjella i Bergen. Dette landskapet toler store bygningselement

5.3. Heilskap og fragmentering

Det meste av landskapet i Øygarden ber preg av at utviklinga gjekk relativt sakte fram til Sotrabrua åpna, og at utviklinga etter dette har blitt påverka av ny teknologi og endra verdiar. Både har nye næringsvegar fått plass, men fritidsbruken både til lokale beboarar og bergensarar har påverka utviklinga sterkt. Ønsket om arbeidsplassar, nye bustader, fritidsbustader med kai og krav til effektivt jordbruk har endra landskapet bit for bit. Denne type utvikling kan redusere verdien av landskapet bit for bit om den ikkje blir styrt og kontrollert. Som forklart ovanfor kan nokre område være mindre sårbar for denne type utvikling, medan andre områder fort mister sitt særpreg og blir fragmentert.



Figur 5-10 Ei ny steinfylling, eit gammalt kaifundament, eit naust i forfall, lysthei som gror til med svartfuru og eit ruvande nybygg i utradisjonell farge, mange små element som bidreg til eit svekka heilskapsinstrykk, Tjeldstø



Figur 5-11 Store kaiflater med støypte frontar, sitkagran og store einebustader med mangelfull tilpassing til terrenget. Bakteppet som Veten dannar og den sterke strukturen nausta dannar kring vågen gjer at særpreget likevel ikkje er heilt tapt, Forlandsvågen



Figur 5-12 Døme på ny og heilskafeleg busetting. Fargebruk, bygningsvolum og plassering er tilpassa tilhøva, Blokkebærhaugen, Vestrevågen

5.4. Landemerke

Landemerker er sterke identitetsmarkørar og viktige for særpreget, gjenkjenneleg for mange, og gjer det lett å orientere seg. Dei kan og være grunnlag for næringsutvikling.

Kommunen er langstrakt og har eit bølgande terreng som kan vere vanskeleg å få oversikt over. Viktige landemerke i denne topografien er særleg Liatårnet som skil seg ut og er synleg frå mange hald. Turøyvarden er eit anna viktig landemerke. Døme på kulturhistoriske landemerke er Telavåg, Fjell festning, Glesvær, Hernar og Vindenes. Døme på nyare landemerke er Sotrabrua (som snart blir to), industriområda på Ågotnes, Stura og Kollsnes.

Gode og sterke landemerke er det viktig å verne om, samstundes bør ein være på vakt for ikkje å skape nye og/eller negative landemerke uforvarande.

6. Oppsummering

Overordna føremål med landskapsanalysen har vore å få eit kunnskapsgrunnlag for langsiktig bruk og vern av areal i kommunen. Landskapsanalysen dekker heile kommunen med inndeling i heile 45 delområde. For kvart av desse delområda er gjort ein grundig gjennomgang av landskapet sine kvalitetar, viktige omsyn og premiss for utvikling i eit landskapsperspektiv.

Kartlegginga har vist at der er to landskapsområde som er vurder til særleg stor verdi. Dette er Nordøyna/Hernar/Lyngøyna lengst nord i Øygarden, og Telavåg/Glesvær i sør. I tillegg har 14 delområde stor verdi. Det gjeld dei resterande delområda som ligg ut mot Nordsjøen i vest, samt nokre av delområda frå Vindenes og sør til Veten.

Der er 19 delområde med middels verdi. Dette er vanlege landskap i lokal samanheng. Dei har typisk mindre heilskap og er meir varierte og fragmenterte enn landskapsområda med stor verdi.

Liten verdi er gitt til 10 delområde. Dette er vanlege «kvardagslandskap» der fleire er mykje påverka av utbygging som forstyrrar særpreget. Nokre er naturlandskap med lite variasjon.

Verdikartet **Feil! Fann ikkje referansekjelda.** gir ein oversikt over områdeinndeling og landskapsverdi

Overordna funn for landskap:

- Typisk og karakteristisk for heile kommunen er terrengforma med skråstilte svaberg mot aust, og bratte skrentar mot vest.
- Ytterkysten er ofte forma av eit mylder av små og lave øyar, holmar og skjer. Innanfor ligg gjerne lange og skjerma sund, pollar og viker.
- Kommunen har og eit indre øylandskap med llynghøi og anna kulturmark, myr, vatn og vassdrag utan visuell kontakt med sjøen.
- Strandlinja langs austsida er mindre flika og med færre øyer, holmar og skjær.
- Lausmassane er ujamt fordelt. Store område har tynt lausmassedekke der nakne sva og knausar stikker fram. Der lausmassane har samla seg ser ein ofte den tradisjonelle busettinga konsentrert med jordbruk på større og mindre jorder.

Kulturhistorie, representert i kulturminne og kulturmiljø i folk sitt kvardagsliv, og som er kjelde til oppleving og identitet i eige nærmiljø.

- Steinalderlandskapet, der den låge vegetasjonen i kommunen gjer det mogleg å forstå fortidige strandlinjer, og korleis livet kan ha vore for mange tusen år sidan.
- Lyngheilandskapet som ein tusenårig kulturmarkstype
- Bygder med hamn, sjøhus, handel, industri, gardshus og kulturlandskap.
- Kulturminne frå krigsåra 1940-1945.

Natur

- Verneområda i kommunen gjeld for det meste for sjøfugl. Eigne verneregler gjeld for desse.
- Kystlynghei er ein strekt trua (EN) naturtype, som også er ein utvald naturtype jf. Naturmangfoldloven. Naturtypen dekker det meste av areala med naturtypar i kommunen, heile 97,8 % (143030076,77 kvadratmeter). Av desse er det fleire store og samanhengande kystlyngheier med svært høg lokalitetskvalitet. Desse bør for framtida vere naturområde med høgast prioritet for skjøtsel.
- Skogstypar i gruppa edellauvskog har gjerne eit høgare artsmangfald og fleire krevjande artar enn dei som ein finn i kystlynghei. Edellauvskog er rekna som trua eller nær trua i Noreg. Det er også få område med boreonemorale regnskogar i kommunen. Sidan det er så få av dei nemnde naturtypane, og at dei har så små areal, er dei difor viktige for Øygarden.
- Andre viktige naturtypar for kommunen er til dømes naturbeitemark, semi-naturleg strandeng og ulike myrtypar (sjå Økologisk grunnkart).

7. Råd til vidare prosess

Analysen viser at det er store skilnader mellom dei ulike landskapa i kommunen.

Utfordringane kan ha nokre fellestrek, men dei må møtast på ein måte som passar landskapet. Desse skilnadene i kommunen gjer at ein må planlegge og forvalte landskapet annleis ved Straume enn på Turøyna eller Klokkarvik.

Landskapsanalysen har kartlagt og analysert landskapstypar og landskapsverdiar, og lagt grunnlaget for eventuell vidare utvikling av strategiar for kommuneplanarbeidet.

Følgjande kan vere aktuelt:

- Sikra område med stor eller særleg stor verdi. Dette kan gjerast med omsynssoner i KPA med retningsliner som sikrar heilskapen og gjev føringar for ev. vidare planlegging.
- Fastsetting av «utmarksgrense» - bl.a. for Midtmarka, Veten og Liatårnet. Dette bør gjerast med ei samanhengande linje, t.d. ei juridisk byggegrense.
- Sikring av landskap - natur- og kulturmiljøverdiar i planlagde fortettingsområde / sentrumsområde.
- Vurdere krav om landskapsvurdering eller stadanalyse på reguleringsnivå, der ein ser nærmare på korleis tiltak kan innordne seg landskapet og dei spesielle kvalitetane på staden.
- Utarbeide formingsrettleiar for nye tiltak – særleg i område med store landskap- og kulturmiljøverdiar.
- Kjerneområde for viktige skogstypar
- Identifisera område for skjøtsel av kystlynghei
- Kartlegge viltområde. Desse registreringane er om lag 20 år gamle og bør oppdaterast. Det same gjeld landskapsøkologiske funksjonsområde (til dømes hjortetrekk).
- Kartlegge geotopar (eller raudlista landform jf. Artsdatabanken)
- Meir kunnskap om framande artar, t.d. siktgran og hageplanter
- Landskap som grunnlag for oppleveling, reiseliv og næringsliv

I tillegg kan landskapsanalysen nyttast som grunnlag for å vurdere landskapskonsekvensar av innspel til kommuneplan og andre plan- og utbyggingstiltak. Kartlegginga av landskap

er gjort i rapportform, men alle data også gjort tilgjengeleg i digitalt kart, slik at kommunen kan nyte kunnskapen i sakshandsaminga. Det gjer det også mogleg å formidle kunnskapen ut via kartfortellingar eller innsynsløysingar for publikum.

7.1. Identifisering av særleg verdifulle landskap og vurdering av plangrep

Delområda Nordøyna, Hernar og Lyngøyna, og 9 Telavåg Glesvær er gitt særlig stor verdi. Dette er område der omsynet til natur- og kulturlandskap bør vere førande for arealbruk og utvikling slik at kvalitetar og verdiar ikkje går tapt som ressurs for kommunen. Områda er ein landskapsressurs for lokal identitet, formidling av lokal og nasjonal kulturhistorie, og for friluftsliv. Det er også godt grunnlag for reiseliv og næring.

Desse verdiane kan sikrast ved til dømes bruk av omsynssoner i kommuneplan; c) Sone med særlege omsyn til landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø. Ein kan ha eigne føresegner/ retningsliner for å avgrense verksemd og vilkår for tiltak i område med særlege kvalitetar knytt til landskap, naturmiljø eller kulturmiljø.

Stor verdi er gitt til fleire område, bl.a. heile kysten mot vest, Vindenes på innsida, fjellområda i sør, Midtmarka og Klokkarvik i sør. Dette er område med ulik karakter, der fleire av dei særleg godt representerer stadidentitet og viktige overordna karaktertrekk ved landskapet i Øygarden. I desse områda bør arealplanlegginga ta særleg omsyn til at landskapskarakteren og kvalitetane ikkje går tapt som ressurs.

Ein kan i kommuneplanens arealdel ha generelle føresegner kor ein viser til landskapsanalysen og særtrekk i kommunen. Til dømes omsyn til visuelt sårbare område – omsyn til kulturmiljø/kulturlandskap, ta vare på landskapsformer med særleg inntrykksstyrke, omsyn til strandsona og andre eksponerte område. Dette gjeld også to område avmerkt som geologisk arv. Det bør takast omsyn til desse ved seinare planlegging.

Dei tidlegare kommunane Sund, Fjell og Øygarden kommune har kulturmiljøplanar, men det er trong for ein samlande ny plan som sørger for at plangrepet vert likt på tvers av geografien. I tillegg er det behov for supplering av SEFRAK for dei områda der dette manglar.

Det bør gjerast ein kritisk gjennomgang av gjeldande omsynssoner for kulturmiljø (H570) i dagens KPA, der ein i større grad har ei landskapstilnærming når avgrensinga vert satt.

7.2. Fastsetting av utmarksgrense i KPA

Avgrensing av landskapsområde er gjort på eit overordna nivå men gir ein indikasjon på kvar skiljet mellom utmark og bygde område går. Det er ikkje trekt eit konkret forslag til utmarksgrense i analysen. Ei slik grense skal vere ei langsiktig grense mellom utbygging og marka, normalt satt med omsynssone (med retningslinjer). Utmarksgrense må vurderast for det enkelte området, og i tillegg til eksponering, ta omsyn til andre landskapssamanhangar som vegetasjon, vassdrag, overgangssoner i landskapet, og funksjonar for friluftsliv og tilgjengeleight. Bruk av omsynssoner i arealplanar og tematisk kommunedelplan for natur og friluftsområde kan vere aktuelle strategiar for fastsetting av utmarksgrense.

7.3. Sikring av landskapsverdiar mot utbygging i fortettingsområde

Analysen peikar på at det er viktig å sikre og utvikle natur- og kulturlandskapsområde som grunnlag for identitet, kvalitet og rekreasjon i og rundt fortettingsområda. I analysen av det enkelte delområdet er det skildra viktige omsyn og prinsipp for utvikling ut frå eit landskapsperspektiv. På generelt grunnlag er det viktig å oppretthalde samanhengen mellom fortettingsområda og dei overordna landskapstrekka:

- Sikre at store, samanhengande landskapsrom og landskapssamanhangar ikkje vert brotne.
- Underbygge og styrke sentrale landskapselement og karaktertrekk.
- Sikre blågrøne strukturar og ferdsselsårer.
- Sikre viktige verdiar som i dag ligg i restareal i utbygde område

Ein bør unngå å byggje på knausar, toppar, og åsar som er eksponerte i landskapet. Det bør søkjast ei underordning og tilpassing til terreng og landskap. 3d-modellar og analysar av nær- og fjernverknad er nyttige verktøy for å identifisere særleg eksponerte område. Ved å trekke bygggeområde ned i terrenget vil ein i større grad kunne ta vare på

overgangssoner i landskapet slik at byggjeområda vert landskapstilpassa. Samstundes framstår dei sentrale områda langs Hjeltefjorden som at dei har meir kapasitet for store inngrep, til dømes næringsområda i Knarrevik og Ågotnes. Skal ein bygge høgt og stort kan denne type område ha ein ikkje ubegrensa, men større toleevne enn andre stader i kommunen.

Overgangssoner og randsoner i landskapet er ein viktig del av landskapsmangfaldet, både romleg, visuelt og økologisk. I overgangssoner mellom landskapsrom oppstår visuelle knutepunkt som har innverknad på opplevinga av landskapsromma som møtest. Randsoner og overgangssoner i landskapet, inkl. strandsona, er også viktige som ressurs for naturmangfald og landskapsøkologiske funksjonar, handtering av overvatn, og for visuelle samanhengar og kvalitetar. I strandsona og i tradisjonelle kulturlandskap med gardstun og spreidd busetnad utanfor fortettingsområde /sentrumsområde bør det ikkje ukritisk fortettast ytterlegare utan at verknaden for landskapskarakteren vert vurdert på detaljert nivå. Døme på dette er sjøbruksmiljø i heile kommunen, og bygder som Telavåg, Glesvær og Solsvika, m.fl.



Figur 7-1. Hummelsund

I landskap som er mykje utbygd kan ein finne restverdiar igjen i grøne lommer, t.d viktig natur eller kulturminne. Det er ein fare for at desse vert gløymde, og at verdiane vert undervurdert sidan dei er isolerte frå ein større samanheng. Dette kan likevel vere viktige verdiar for eit nærmiljø. Område der ein bør vurdere om slike gjenverande lommer av verdiar kan løftast fram eller styrkast, er dei delane av kommunen med mykje utbygging, slik som Knarrvika-Straume-Kolltveit, Knappskog-Ågotnes, Rongøyna-Toftøyna, Skogsskiftet-Hammarsland og Klokkarvik.

Når ny utbygging skal planleggast bør eldre tiders byggeskikk og plassering i terrenget vere retningsgivande. Dette er med på å vidareføre stadsidentiteten, og vil føre til at viktige landskapselement vert bevart. Arkitektur og terrengrørlig av nye bustadsfelt og sentrumsområde kan også videreformidle og utvikle stadsidentitet. Denne type utbygging blir eit nytt lag i landskapet og historia i kommunen, og det er viktig at ein finn sitt eige arkitektoniske «språk» for denne utviklinga.

7.4. Krav til landskapsvurderingar på reguleringsnivå

Korleis kommunen og utbyggjarar skal ta omsyn til viktige landskapsverdiar- og landskapssamanhangar i det enkelte fortettingsområdet eller byggjeområdet er spørsmål som krev eit meir detaljert nivå enn det som landskapsanalysen på kommunenivå kan handtere.

I område med etablert busetnad i tradisjonelle kulturlandskap knytt til landbruk eller sjø bør ein være svært varsam med å gje løyve til utbygging utan ein meir detaljert vurdering av landskapet. Kulturhistoriske landskap kan vera sårbar for endringar, samtidig er det ønskjeleg at bygningar er i bruk og at landskap vert halde i hevd.

På generelt grunnlag bør kommunen stille krav om dokumentasjon av verknader for landskap i alle reguleringsplanar. For alle fortettingsområder bør det lagast detaljert landskapsanalyse. Innhaldet i denne analysen og skildringa av det enkelte delområdet kan nyttast som grunnlag for å vurdere kva forhold i landskapet som bør vere med i meir detaljerte vurderingar av landskap. Eksponering, nær- og fjernverknad av landskaps- og terrengrørlig er sentrale element og bør inngå i slike vurderingar. Dette kan også vere aktuelt i samband med byggesakshandsaming.

7.5. Utarbeide formingsrettleiar for nye tiltak

Kommunen kan lage formingsrettleiar – eller sette krav om dette i vidare planlegging - for å sikra terrengtilpassing, arkitektonisk kvalitet og heilskapleg utforming i større område. Ofte er slike rettleiarar laga i samband med områdeplanar eller store reguleringsplanar, men prinsippdokument på overordna nivå kan utformast og kan vere eit referansedokument for utbyggjarar og sakshandsamarar. Den kan gje døme på bygging i ulike type landskap eller i typiske situasjonar for Øygarden. Ein slik rettleiar kan bidra til at kommunen sitt arbeid vert meir føreseieleg, og at kommunen si skjønnsutøving vert betre ramma inn når det gjeld sikring av visuelle kvalitetar vert mindre tilfeldig. Ein formingsrettleiar bør knyttast til ein juridisk plan, helst KPA

7.6. Kjerneområde for viktige skogstypar

Som det går frem av kapittel 4.4.3 så er det aller meste av arealet for naturtypar kystlynghei. Berre unntaksvis finn ein andre naturtypar (Figur 4-35). Ei slik gruppe er edellauvskogane som gjerne veks på god moldjord og som er varmekrevjande og difor gjerne veks i sør- og vesthellingar. Sett i samanheng med at kystlyngheier er dei vanlegaste, men som er karrige og artsfattige, så har edellauvskogane gjerne eit høgare artsmangfold og fleire krevjande artar (som gjerne veks epifyttisk på trestammer). Dei er alle og rekna som trua eller nær trua i Noreg (Artsdatabanken 2018). På kommunalt nivå er difor slike område viktige. Eit slikt kjerneområde for edellauvskog er mellom Førdespollen og nordvestover til Dommedal og Skogsvågen søraust i kommunen. Tilsvarande område finst ved Hamre. Det er også få område med boreonemorale regnskogar i kommunen. Desse finn ein spreidd i kommunen, og gjerne i dei same kjerneområda som edellauvskogane.

Dette er verdiar som bør sikrast i KPA med omsynssone og føresegner.

7.7. Identifisere område for skjøtsel av kystlynghei

Øygarden har tidlegare vore eit så godt som samanhengande kulturlandskap der kystlynghei har dominert. På grunn av omlegging i landbruket, skogplanting, spreiing av framande bartre og utbygging – har landskapet endra seg mykje dei siste 50 åra. Dersom ein skal unngå ytterlegare tap av kystlynghei som naturtype og kulturlandskap, og redusera brannfaren – må landskapet skjøttast.


Lyngsviing og beite er dei viktigaste skjøtselmetodane for å sikre kystlynghei i det lange løp. I ein kommuneplan er det viktigaste grepet å hindre nedbygging av kystlynghei, og legge til rette for aktivitet som gir beitetrykk. I vidare arbeid kan kommunen stø opp om, oppmode og medverke til planar for lyngsviing og beiting. Der lymheiene er i ferd med å gro igjen, må tre og brake først fjernast, og sviing må gjerast på ein sikker og fagleg forsvarleg måte. Beitetrykket må vurderast lokalt, og kva som er rett strategi kjem an på lokale tilhøve og kva som praktisk er mogleg. Planar for lyngsviing, bør bygge vidare på tradisjon og erfaring frå området (Miljødirektoratet 2021).

Sidan så mykje av arealet til Øygarden er kystlynghei, og som har ulik lokalitetskvalitet, bør ein gjere ei prioritering av skjøtselstiltaka i kystlynghei, der gruppe 1 har høgast prioritet, og gruppe 3 har lågast prioritet:

Gruppe 1. Naturtypelokalitetar med svært høg lokalitetskvalitet. Desse er gjerne intakte med beite, og fleire av dei har påvist lyngbrenning i nyare tid. Det bør leggjast til rette for å oppretthalda denne aktiviteten. For dei lymheiene som vert beita, men der lyngbrenning ikkje kan sporast frå nyare tid, kan ein vurdera fornya lyngbrenning. I Figur 7-2 er det vist ein oversikt over kartlagde naturtypelokalitetar med svært høg lokalitetskvalitet. Dei største av desse områda er kystlyngheier, medan dei mindre er naturbeitemark, boreal regnskog, semi-naturleg strandeng og edellauvskogar. Desse er også område viktige for naturverdiar i kommunen.

Gruppe 2. I denne gruppa finn ein kystlynghei i brakkleggingsfase og fleire av desse naturtypelokalitetane har høg kvalitet. Sidan attgroinga berre har kome til brakkleggingsfasen, vil tiltak her gje relativ stor effekt samanlikna med innsatsen som må til. Lyngbrenning kan vurderast her, men det er vel så viktig å sjå til at det oppretthalde eit høgt beitetrykk.

Gruppe 3. Kystlynghei i tidleg til sein attgroing. Dette er busk- og tresatte areal som vil krevje ein større jobb å tilbakeføra. Desse må først hoggast og rotssystem bør helst fjernast. Deretter kjem ein lang fase med re-establering av vegetasjonen karakteristisk for kystlynghei.




Figur 7-2 Naturtypeområde med svært høg lokalitetskvalitet. Dei største arealet er kystlyngheier og dei mindre er bl.a naturbeitemark, boreal regnskog, semi-naturleg strandeng og edellauvskogar.

7.8. Meir kunnskap om framande artar

Kunnskapsgrunnlaget i Øygarden kommune når det gjeld framande artar er godt, sidan kommunen nyleg er blitt kartlagt for naturtypar. Kystlynghei ein raudlista naturtype der framande artar etablerer seg (Artsdatabanken 2018, Fremmede arter i truete naturtyper).

Framande artar vert delt inn i fem risikokategoriar:

- *ingen kjent risiko NK*
- *lav risiko LO*
- *potensielt høy risiko PH*
- *høy risiko HI*
- *svært høy risiko SE*




Figur 7-3 Kombinasjonar av invasjonspotensial og økologisk effekt, og kva risikokategori det gir. Kjelde: Artsdatabanken 2023 (CCBY40)

Ein bør vere særleg på vakt når det gjeld framande artar som etablerer seg i raudlista naturtypar. Kommunen kan ha nytte av å få betre fram kvar i kommunen ein har framande artar med svært høy risiko (SE). Fordelinga av desse bør sjåast i samanheng med kor det er kartlagt naturtypar med høg og svært høy lokalitetsverdi. Det same bør ein gjere når det gjeld kor det i denne landskapsanalysen er kartlagt landskap med stor og svært stor

landskapsverdi. Ved å samanstille denne kunnskapen kan kommunen få oversikt over særleg viktige landskap og naturtypar der det er i ferd med å etablere seg framande artar med stor økologisk effekt og stort invasjonspotensial. Dette gjer det lettare å få oversikt over kva område som må prioriterast høgast, og gjev også grunnlag for eventuelle søknad på tilskotsordningar for å bekjempa spreilinga.

Aktuelle artar i Øygarden kommune er bl.a. siktagran, bulkemispel, vestamerikansk hemlokk, parkslirekne, rynkerose, fagerfredløs, krypfredløs og gyvel.



Figur 7-4. Døme fra Vindenes, som i landskapsanalysen er gitt stor verdi. Kartet viser naturtypen kystlynghei med svært høg kvalitet, og framande artar: siktagran, parkslirekne, rynkerose, fagerfredløs og krypfredløs (grøne markeringar)

7.9. Landskap som grunnlag for oppleveling, reiseliv og næringsliv

Kvalitetane og særpreget i Øygarden sitt landskap er eit ressursgrunnlag for å utvikla opplevingar i verdklasse. Attraksjonskrafta er bl.a. knytt til natur, landskap, historie og møte med menneske og lokalsamfunn. Eit særprega område som er godt å bu i, er også eit område ein gjerne vil reisa til som besøkande.

Det viktige for kommunen bør vere at utvikling av næring og reiselivsprodukt skjer berekraftig. Det må vere eit felles mål å bygge opp under og forsterka dei kvalitetane som gir Øygarden sitt landskap sær preg og verdi. Ressursgrunnlaget for næringslivet skal ikkje utnyttast, men forvaltast på ein framtidsretta måte som ikkje øydelegg kvalitetar for oss som lever i dag, eller for kommande generasjonar.

Kommuneplanen kan legge til rette for næringsliv, reiseliv og andre initiativ som løftar fram dei gode kvalitetane og bygger Øygarden som attraksjon og destinasjon. Samtidig må dette balanserast opp mot dei omsyna som elles er påpeikt i kap. 7.

Nokre døme på kva som er mogleg:

- Naturen tatt i bruk, gjerne gjennom ei styrking av etablerte fotturar som er skånsame for sårbar natur og kulturminne
- Styre, men også bidra til aktiv bruk av natur og landskap - t.d. ved klatring, buldring, padling og sykling. Bruken må vere skånsam for sårbar natur og kulturminne
- Båtturar for å oppleve det historiske Øygarden - slik folk før oss såg landskapet
- Formidling av steinalderen si historie - der Øygarden har eit landskap i særstilling
- Formidling av viktig nasjonal og europeisk krigshistorie, blant anna ved Fjell festning og Telavåg.
- Vern av bygningsmasse gjennom tilpassa og respektfull bruk, t.d. naust, gjestgjevarstader, handelshus og historiske industribygg
- Nybygg for næringsliv som er tilpassa landskap og eksisterande bygde miljø når det gjeld terreng, høgde, volum, fargar og material.

Tilpasse, ikkje bryte

Gjenbruke, ikkje skrote

Underordne seg, ikkje trone

Forsterke, ikkje svekke



8. Kjelder

Akselberg, G. (1996). *Fjell bygdebok. Band 1. Det stig av hav. Natur og kulturhistoria fram til 1700.* Fjell kommune.

Arealis. (2023, 11). Henta frå Areális. Norges Geologiske undersøkelse:
https://geo.ngu.no/kart/arealis_mobil/

Artsdatabanken. (2023, 11). Henta frå Artsdatabanken:
<https://www.artsdatabanken.no/pages/342811>

Bjørkvoll, I., Mjøs, A. T., & Overvoll, O. (2005). *Viltet i Fjell. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. MVA-rapport 9 s 46+vedlegg.* Fjell kommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Bjørkvoll, I., Mjøs, A. T., & Overvoll, O. (2006). *Viltet i Sund. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. MVA-rapport 1/2006: 46 s. + vedlegg.* Sund kommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Byrkjeland, S. (2000). *Viltrappport for Øygarden.* s 25+vedlegg. Øygarden kommune.

Clemetsen, Uttakleiv, & Skjerdal. (2011). *Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke.* Hordaland fylkeskommune rapport 07.

DN-håndbok. (2007). Kartlegging av naturtyper - verdisetting av biologisk mangfold. *DN-håndbok 13.* Direktoratet for naturforvaltning.

Eilertsen, L., & Ihlen, P. (2014). *Kvalitetssikring og supplerende kartlegging av naturtyper i Øygarden kommune. rapport 1847.* Rådgivende Biologer AS.

Erikstad, L., Husteli, B., Dahl, R., & Heldal, T. (2018). *Landformer. Norsk rødliste for naturtyper 2018.* Artsdatabanken.

EY. (2019). Scenarioanalyse og skisse til næringslivsstrategi - Kan Øygarden knekke Vetslandskoden. (presentasjon). EY.

Fjell kommune. (2019). *Berekraftig vern og bruk av kulturminna i Fjell. Temoplan for fysiske kulturminne og kulturmiljø 2019-2022.* Fjell kommune.

- Fosen, H. (2005a). Fast fjell. Vestlandets berggrunn. I W. (. Helland-Hansen, *Naturhistorisk vegbok for Hordaland*. (ss. 20-27). Bergen Museum - Nord 4.
- Fosen, H. (2005b). Urtiden og grunnfjellet. I W. (. Helland-Hansen, *Naturhistorisk vegbok for Hordaland* (ss. 28-31). Bergen Museum - Nord 4.
- Fosen, H. (2005c). Hordaland på høyde med Himalaya. I W. (. Helland-Hansen, *Naturhistorisk vegbok for Hordaland* (ss. 32-38). Bergen Mseum - Nord 4.
- Fylkesmannen i Aust-Agder og Vest-Agder. (2013-2018). *Informasjon om skjøtsel av kystlynghei*. Fylkesmannen i Aust-Agder og Vest-Agder.
- Fylkesmannen i Hordaland. (2003). *MVA-rapport 12/2003 1-116*.
- Fyllingsnes, F. (2019). *Sund på Søre Sotra band 6 Kultursoga*. Sund kommune.
- Fyllingsnes, F. (2023). *Øygarden bygdebok Band 1*. Øygarden kommune.
- Guntveit, S. (2003). *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Øygarden*. *MVA-rapport 14/2003: 1-116*. Øygarden kommune og Fylkesmannen i Hordaland.
- Gaarder, G., & Fjeldstad, H. (2009). *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Sund*. - *MVA-rapport 4/2009: 68 s*. Sund kommune og Fylkesmannen i Hordaland.
- Halvorsen, R. H. (2019). Dokumentasjon av NiN versjon 2.2 tilrettelagt for praktisk naturkartlegging: utvalgte variabler fra beskrivelsessystemet . *Natur i Norge, artikkel 11 (versjon 2.2.0)* 1-218.
- Halvorsen, R., & Medarbeidere og samarbeidspartnere. (2016). *NiN – typeinndeling og beskrivelsessystem for natursystemnivået*. *Natur i Norge, Artikkel 3 (versjon 2.1.0)*: 1-528.
- Helland- Hansen, W. (2005). Naturhistorisk vegbok. Hordaland. Bergen museum - Nord 4.
- Hovstad, K. A., Johansen, L., Arnesen, A., Svanesen, E., & Velle, L. G. (2023, desember 11). *Kystlynghei, Semi-naturlig. Norsk rødliste for naturtyper*. Henta frå Artsdatabanken.
- K, E. (2014). *Kystlynghei i Austrheim, Lindås, Radøy, Meland, Øygarden, Fjell og Sund. Registreringer i 2013 i forbindelse med Handlingsplan for kystlynghei*. *MVA-rapport 1/2014*. Fylkesmannen i Hordaland.

- Kirste, N. Y. (2023, November). Landbrukskonsulent. (K. Holst, Intervjuar)
- Knagenhjelm, Johansen, & Clemetsen. (2013). *Landskapsanalyse Fjell kommune rapport nr. 12. Fjell kommune.*
- Meld. St. 14. (2015-2016). *Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold.* Det kongelige klima- og miljødepartement.
- Miljødirektoratet. (2013). *Kystlyngheiene i Norge. Kunnskapsstatus og beskrivelse av 23 referanseområder. Rapport M23.* Miljødirektoratet.
- Miljødirektoratet. (2023). Kartleggingsinstruks. Kartlegging av terrestriske naturtyper etter NiN2. Veileder M-2209. 320 sider pluss vedlegg.
- Moe, B. (2003). *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Fjell.* MVA-rapport 11/2003: 1-69. Fjell kommune og Fylkesmannen i Hordaland.
- Moen. (1998). Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Hønefoss: Statens kartverk.
- Nordhordland Unesco Biosfære.* (2023, 11). Henta frå <https://nordhordlandbiosphere.no/>
- Puschmann. (2005). Nasjonalt referansesystem for landskap, beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner. *NIJOS rapport 10.*
- Riksantikvaren. (2023, 11). Henta frå Nasjonal database for kulturminner, Askeladden: <https://askeladden.ra.no/>
- Sedal, P., & Sperbund, H. (2007). *Krigsminner i Hordaland (manus).*
- Skurtveit, H. (2017). *Fjell bygdebok Band VI. Mellom havet og byen. Allmennhistoria 1700-1910.* Fjell kommune.
- Skurtveit, H. (2020). *Fjell bygdebok band VII. Nærare byen. Allmennhistoria 1910-2019.* Fjell kommune.
- Stortingsmelding 14. (2015-2016). Melding fra Stortinget. Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold. 155 sider.
- Sund kommune. (2017). *Kulturminneplan for Sund 2017-2022.*
- Øygarden kommune. (2019). *Kulturminneplan.* Øygarden kommune.

Øygarden kommune. (2023, november). *Turar og friluftsområde i Øygarden*. Henta frå <https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/kultur-idrett-og-fritid/opplevel-oygarden/turar-i-oygarden/>





asplan viak